

NORSK TIDEND

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**

MEKTIGE HUSNORMER > 16–19

Både forlag, departement og presse held seg med interne skrivereglar laga på bakgrunn av bruk, men det er ikkje ein fri bruk.

SKAPTE RIKSKJENDIS > 20–21

– Folk var usikre på om eg skulle gjera narr av Lothepus. Men eg gjer ikkje narr av folk eg er glad i, seier serieskapar **Hildegunn Wærness**.

TO BRAGEPRISAR > 4–5

Nynorskfolket kunne jubla då **Olaug Nilssen** og **Maria Parr** fekk kvar sin Bragepris.

Logisk brest på ytre høgre

Journalist og forfattar **Øyvind Strømmen** har i mange år følgt med på dei høgre-ekstreme miljøa på internett. Nynorsk er dei ikkje så glade i.

– Reint logisk skulle det ha vore meir nynorsk fanatisme mellom tilhengjarar på ytre høgre. Men tvert i mot nærer ein del av dei folka eit hat mot nynorsk. > 8–9



Om hundre år

» Eg er garantert ikkje den fyrste som har tenkt på at nynorsk ikkje er noko dårleg namn.

» Forstavinga ny- har sagra i geografien og det er ingen grunn til at ho ikkje også skal sagra på det språkpolitiske feltet. Kven har høyrd om York og Zealand? Nei, no er det New York, New Zealand, Nydalen og Ny-Guinea som er mest kjend. Rett nok held Ålesund stand, men det må berre vera eit spørsmål om tid før Ny Ålesund går forbi. Akkurat som nynorsk vil få norsk til å gå i gløymeboka.

» I tillegg har ein alle desse herlege andre ny-orda som t.d. nyhende, nyfiken, nyfødd, nybaka og nydeleg.

» I mine auge blir namnet berre betre og betre. Forbrukarsamfunnet vårt skrik ut at det er viktig å vera moderne og å vera i framkant. Det gjeld å koma opp med noko nytt. Det gjeld å vera siste skrik. Me treng ikkje gjera noko. Me treng berre sitja roleg i båten og kjenna oss i framkant.

» Bokmålet har større grunn til å vera uroa. Me elsker bøker, og salet held seg vel nokolunde stabilt. Men utviklinga kan ikkje stoppast. Skjermane er komne for å bli, det same er nettbretta. Eg håpar at me les like mange bøker om hundre år, men eg er jammen ikkje sikker.

» Om hundre år vil nynorsken framleis vera ny.

KJARTAN HELLEVE

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilleorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Kjartan Helleve,
kjartan.helleve@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Språksmia AS
smia@spraksmia.no



God morgen –

I HAUSTFERIEN VAR eg nokre dagar i Toronto i Canada. Det er eit spesielt interessant land fordi dei har to offisielle språk, som oss. I Quebec-området er det fransk som rår, mens i resten av landet høyrer og ser du mest engelsk. Likevel har Canada ei mållov som seier at dei to skriftspråka skal vera likestilte.

På gata i Toronto – som er den fjerde største byen på det nordamerikanske kontinentet – er det engelsk som er språket. Derfor var det interessant for meg å vera på utkikk etter fransk. Det likna ikkje lite på når eg går rundt i Oslo og er nyfiken etter å sjå skriftleg nynorsk.

Frå storbyen Toronto i Canada kan eg melde at på fly, flyplass, tog og museum så er jamstillinga bortimot total. Det byrja med det glansa magasinet frå Air Canada i flyseteryggen – på kvar side stod den engelske teksten til venstre og den franske til høgre. På flaska med vatn vi fekk delt ut, stod det «water» og «eau», og på mini-syltetøypakka stod det «Strawberry» og «Fraises». Filmtilbodet i kabinen var mellom anna ein dokumentar om språkstrid. «Om det ikkje var for at folk tok ansvar for sitt eige språk, så ville det ikkje eksistert fransk i Manitoba i dag», sa ei eldre dame i intervju.

På flyplassen i Toronto går det same igjen med all skilting på to språk, dei tar det så langt at den munnlege standardhelsinga frå personalet er «hello bonjour!» Det gjeld òg toga; på skilt og billetter er alt både på engelsk og fransk. På Royal Ontario Museum er skilta todelte, det gjeld til og med skiltet på fortauet utanfor med orsaking for at det er sperra på grunn av oppussing.

DETTE ER DEN typen jamstilling som vi har mellom bokmål og nynorsk på pengesetlar: at begge språka står der. På den eine sida står det Noreg og på den



MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag

andre står det Norge. Einfrid Perstølen, som i si tid stod på for å få nynorsk på frimerke, henta inspirasjon frå mellom anna Canada.

I Noreg er sjølve språkgrunnlaget noko annleis fordi bokmål og nynorsk står nærare kvarandre reint språkleg enn det engelsk og fransk gjer. Det er ikkje nødvendig å krevje at tryggleikskontrolløren på Gardermoen skal seie både god morgen og god morgon. Og det er kanskje pirkete å krevje at vassflasker som eventuelt blir delte ut av SAS skal ha både «vatn» og «vann» på etiketten. Likevel har all den synlege fransken i Toronto ein effekt som er svært viktig. Han viser i praksis at fransk er eit likeverdig språk i dette samfunnet. Sett bort frå pengesetlar og frimerke er det langt mellom slikt her til lands. Grunnen er nok i hovudsak praktiseringa av mållova. Her til lands kan Språkrådet berre oppmode institusjonane til å følgje paragrafane, i Canada blir brot på mållova bøtelagde, og bøkene begynner på 600 dollar og går opp til 20 000.

I APRIL i år viste det seg at ingen norske universitet eller høyskolar oppfylte mållova i 2016. Lova seier at i alt publikumsretta, skriftleg tilfang som sentrale statsorgan lagar, skal begge målformene vera representerte med minst 25 prosent. Dette



Illustrasjon: Kjartan Helleve.

god morgon!

gjeld òg på heimesider, i sosiale medium, og andre tekstar som institusjonane publiserer. Alle skjema skal vera tilgjengelege både på nynorsk og bokmål. Statsorgana skal sjølv rapportere om målbruken, men til fristen var det ni institusjonar som ikkje hadde greidd å svare, blant dei Høgskolen i Lillehammer og NTNU. Dessutan var det ingen av institusjonane som oppfylte krava når først rapporten låg føre.

Om ikkje det blir ei betring, må norske styresmakter vurdere å lære av den strenge praksisen i Canada.

EIT NYTT, NORSK døme gjeld spesielt skilting på flyplassar.

På flyplassen Vigra i Ålesund oppdaga Andreas-Johann Ulvestad ein detalj i sommar. Det gjaldt dispenserskilt for vatn. Der står det «vann», «water», «wasser», «eau», «agua» osv. – men «vatn» har ikkje funne nokon plass. «Nynorsk – det er det ikkje plass til,» skreiv Andreas-Johann til Språkrådet. «Burde ikkje dei ha det?»

Vidare tok han opp at Vigra Lufthamn ligg i Møre og Romsdal som er nynorskfylke og i Giske kommune som er nynorskkommune. Kvifor er ikkje det noko som helst nynorsk der?

Resultatet av engasjementet blei at i juli så gav Språkrådet klagen rett på begge punkt. På dispenserskilt som dette skal nynorsk også vera representert, og Ålesund Vigra lufthamn og andre nasjonale lufthamner i område med nynorsk som tenestemål, skal ha skilt, oppslag, nettsider og anna skriftleg informasjonstilfang på nynorsk.

IKKJE UVENTA HAR Avinor, som har ansvaret for lufthamnene, gitt Språkrådet eit svar som tyder at i praksis er det berre enkelte småflyplassar som skal

ha nynorsk, som Ørsta og Leirin i Valdres. Språkrådet svarar tilbake at her tolkar Avinor mållova feil – og der står saka når eg skriv dette.

KVIFOR SKRID VERDA så langsam fram? Ein kjenner på ein trong til å sende enkelte med makt i dette landet til gjennomlysing for å finne ut kva det eigentleg er som gjer at dei har så mykje imot at skriftspråket nynorsk skal vera synleg. Kva er eigentleg problemet, Avinor? For 600 000 nynorskbrukarar er det summen av alle desse småtinga som skapar framtida for språket vårt.

For min del ønsker eg at Avinor-leiinga og andre med makt som ennå ikkje har oppfatta at vi har to sidestilte språk her i landet, set seg i eit fly og drar – ikkje dit peparen gror, men til Canada. I Canada er det ikkje vill vest om språklova gjeld eller ikkje, men det er det her.

“ Ein kjenner på ein trong til å sende enkelte med makt i dette landet til gjennomlysing for å finne ut kvifor dei har så mykje imot at nynorsk skal vera synleg.

» SAGT

– Stem på mæ – æ love – æ skal lære dykken så mange nye åor og uttrykk!

Jorun Stiansen takka Vennesla og dialekten for at ho kom til kvartfinalen i Skal vi danse. Fædrelandsvennen

– Eitt eller anna seier meg at kulturskulen i Nordfjordeid gjer ein god jobb.

Arild Torvund Olsen på Facebook etter MGP-finalen

– Vi søyker en jurist

Kulturdepartementet prøvar seg på nynorsk

– Dagen vert ikkje heilt den same utan

VG etter at Gard Steiro fekk Målprisen 2017

– Det kan ikkje kallast ein heim om det ikkje er plass til ein dumpar i tunet

Lothepus-sitat på baksida av biografien hans

– Ivar Aasen hadde vore i fyr og flamme! Og når det hadde mørkna bak gardino, hadde han tekje seg som ein piruett på golvet og steikt seg egg og flesk til kvelds. To egg!

Oddny Miljeteig på Facebook om oppattskipingsmøtet i Vaksdal

– Målfolk kan brukast til nesten alt. Sidan sist har Per Henning Arntsen, økonomikonsulent i Noregs Mållag, delteke i TV3-programmet Visning. Og jammen har ikkje Inger Johanne Sæterbakk, styremedlem i same organisasjon, vore med i TV2-favoritten Jakten på kjærligheten. Men no ventar verda spent: Får vi spinoff-serien der Visning-Per Henning møter Jakten-Inger Johanne?

Jens Kihl på Facebook

– Altså, når mediebildet er stappfullt av ulike forarga og indignerte interesseorganisasjonar som utelukkande er opptekne av at akkurat deira organisasjon eller tiltak burde fått meir pengar i regjeringa sitt budsjettframlegg, så blir det jo heilt forbanna umogleg å kome gjennom med budskapen om at nynorskinstitusjonane bør få meir pengar i regjeringa sitt budsjettframlegg!

Styremedlem Peder Lofnes Hauge på Facebook

Livet er godt.

Når katten får mat.

Når barn er glade.

Når sola skin.

Når blomane er fine.

Når hjarta er stort.

Mahmoud Abdelmajid, deltakar på Norskurs på Hjeltnes, Ulvik, i avisa Hordaland

Her på Selbak har det blitt asfaltert i det siste men, stusser litt på skiltet som er satt opp. Det står: Høg asfaltkant. Og det er vel nynorsk? Burde jo stått høy. Peanuts, men litt artig å påpeke det syns jeg, da vi ikke skriver nynorsk her.

Ein tingar av Fredrikstad blad

God mottaking for Framtida junior

Rekordstort førsteopplag for verdens første nynorske avis for barn.

I oktober kom digitalutgåva Framtidajunior.no, og første helga i november kom **Framtida junior** for første gong ut på papir. Papir-avisa kjem kvar 14. dag, med neste utgåve 30. november.

– Me har fått veldig gode tilbagemeldingar på avisa. Avisa er testa ut på fleire elevar, og godt over 90 prosent gav førsteutgåva

vår terningkast 5 eller meir. Ein elev gav oss jamvel 20 i terningkast! ler redaktør **Svein Olav B. Langåker**, og legg til:

– Ein sjetteklassing frå Fitjar utbraut heilt uoppfordra i klasserommet: «Det er så deileg å lesa ei avis på eit forståeleg språk». Då blei eg glad.

Fleire skular har teikna abonnement på klassesett, og Langåker håpar at avisa vil bli ei populær julegåve.

– Inntektene me får vil gå til meir nynorsk journalistikk, seier han.

Utgjevar er Landssamanslutninga av nynorskkommunar, i eit nært samarbeid med ABC Start-siden, Hallingdolen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis og Sunnhordland.

– Eg er veldig glad for at me har med oss landets beste og mest prisvinnande lokalaviser på denne viktige nynorske satsinga, seier Langåker.

Pressemelding



Ny, illustrert Garborg-bok

Arne Garborg-entusiastar vil lokke nye lesarar til verka hans gjennom ei ny, illustrert og to-språkleg bokutgåve av opningskapittelet i romanen *Fred*.

«Utanfor, i vest, bryt havet på mot ei sju milir lang låg sandstrand. Det er sjolve havet, Nordhavet, breidt og fritt, ukloyvt og utøymt, endelaust.»

Slik opnar romanen *Fred*, som blei skriven av Arne Garborg i 1892. I desse avsnitta skildrar forfattaren det jærskje landskapet og folka som bur der.

No blir dette kjende opningskapittelet gitt ut på nytt. Skildringane til Garborg har fått følgje av illustrasjonar laga av teiknaren **Jan Th. Værp**.


– I år er det 125

år sidan *Fred* kom ut. Han blir rekna som ein av dei beste romanane som er skrivne, seier Tarald Oma, leiar i Time Historielag til Jærbladet.

Historielaget har samarbeidd med historielaga i Klepp og Hå i tillegg til Time bygdemuseum for å realisere boka, som er skriven på to språk.

– Vi har brukt originalteksten til Garborg. Dessutan har vi med ei engelsk omsetjing slik at teksten blir tilgjengeleg for eit større publikum, forklarar Oma.

(NPK)



20 gamle songar går igjen i barnehagane

Dei fleste songane som blir sungne i barnehagane, er frå før 1960-talet. – Ein syng ikkje lenger berre for å syngje, seier høgskulelektor **Liv Anna Hagen**.

Saman med høgskulelektor **Elisabeth Anvik** og førstelektor **Siri Haukenes** ved Høgskulen i Oslo og Akershus (HiOA), har Hagen kartlagt songmaterialet i barnehagar i Oslo og Akershus i ein periode på over seks år. Det skriv *Aftenposten*.

– Ingen av dei 20 mest populære songane er laga etter 1990, seier Hagen. Forskarane meiner songane i liten grad speglar samfunnet og at det viser mangel på mangfald.

– Det som likevel slår oss, er at songane i dag blir brukte med ein

pedagogisk hensikt. Ein syng ikkje lenger berre for å syngje, men for å lære, seier Hagen. Ho trekkjer fram det positive i bruken av dei eldre songane.

– Det handlar om ei overlevering av tradisjonar, ein kulturarv. Det er viktig at vi har nokre songar som alle kjenner til, og som vi kan samlast om.

Forskarane meiner at også sjølvtilliten til dei tilsette rundt song og musikk spelar ei viktig rolle for kva songar som blir brukte.

– Det handlar nok også om at ein ofte held seg til dei songane ein kan, i staden for å lære seg nye, seier Anvik. Ho seier at ein ofte trur songar for barn må vere enkle, men peikar på at barn har ei enorm evne til å lære seg språk og kompliserte musikalske tonar.

(NPK)

Bragepris til P

Nynorskfolket kunne jubla då Brageprisane blei delte ut. **Maria Parr** henta heim den andre Brageprisen sin. Det blei også pris til **Olaug Nilssen**.

Brageprisen er ein av dei gjævaste norske litteraturprisane og blir delt ut i fire klassar. Maria Parr (36) fekk pris for *Keeperen og havet* i klassen for beste barne- og ungdomsbok, mens Olaug Nilssen (39) vann den skjønnlitterære klassen for romanen sin *Tung tids tale*. Begge to gjev ut bøkene sine på nynorskforlaget Samlaget.

Olaug Nilssen er kjend både som dramatikar og forfattar. *Tung tids tale* er den første romanen hennar på tolv år og byggjer på hennar eiga historie om korleis det er å ha ein gut med autisme. Forfattaren

seier at då ho skulle skriva boka, valde ho mellom å velja sakprosa eller ein roman.

– Den viktigaste grunnen til at eg hamna på ein roman, er at sonen min ikkje kan gjera greie for seg, og at det er mi historie eg fortel. Men eg har også forma historia slik at det ikkje er alt som er dokumentarisk sant. Eg har bytt om på kronologi, bytt plass på personar – og nokre scener har eg dikta med grunnlag i episodar som er sanne. Du kan seia at forma vann over sanninga, seier Nilssen til NTB.

Brage-juryen skriv at *Tung tids tale* er eit rørende brev til ein elska son, ein fortvila rapport frå ein utmattande kvardag og eit verknadsfullt kampskrift mot diagnosesamfunn og rigid byråkrati.

PRIS FOR KART OG LYRIKK

Barnebokforfattar Maria Parr fekk også Bragepris i 2009. Då for det store gjennombrøtet sitt *Tonje Glimmerdal*, som også har blitt teater. *Keeperen og havet* er ein oppfølgjar til debutboka *Vaffelhjarte*, og byr på

“ *Tung tids tale* er eit rørende brev til ein elska son, ein fortvila rapport frå ein utmattande kvardag.

Juryen





BRAGEPRISVINNAR: Olaug Nilssen vann Brageprisen 2017 i kategorien skjønnlitteratur for boka *Tung tids tale*. Prisen blei delt ut i Oslo tysdag kveld.

Foto: Håkon Mosvold Larsen / NTB scanpix / NPK

Parr og Nilssen



BRAGEPRISVINNAR: Maria Parr vann Brageprisen 2017 for boka *Keeperen og havet* i klassen for beste barne- og ungdomsbok. Prisen blei delt ut på Dansens Hus i Oslo tysdag kveld.

Foto: Håkon Mosvold Larsen / NTB scanpix / NPK

eit nytt møte med Trille og Lena i vestlandsbygda Knert-Matilde.

Frå den vesle bygda ved havet skapar Maria Parr eit litterært univers som både er tidlaust, universelt og godt å venda tilbake til, meiner Bragejuryen.

Under prisutdelinga på Dansens Hus i Oslo tysdag kveld vanka det også pris til ein av dei mest kjende dramatistarane og lyrikarane i vår tid, Cecilie Løveid. Ho fekk Brageprisen i open klasse, som i år er lyrikk,

for diktsamlinga *Vandreutstillinger*.

Prisen i klassen sakprosa gjekk til Thomas Reinertsen Berghs *Verdensteater*, som er ei bok om karthistorie. Ei utsøkt og særeiga sakprosabok, meiner juryen.

Brageprisen blir delt ut av stiftinga Den norske Bokprisen og har 25-årsjubileum i år. Prisen har som mål å heidra gode norske forfatterskap, i tillegg til å skapa interesse for norsk litteratur.

(NPK)



Forfatter Alfred Fidjestøl

Foto: Mari Torsdatter Hauge/NPK

Språkprisen til Alfred Fidjestøl

FORFATTAR ALFRED FIDJESTØL

(44) vart onsdag heidra med Språkprisen 2017 for forfatterskapen sin, som spanner frå historieverk om Norsk kulturråd og Det Norske Teatret til den ferske biografien om sjimpansen Julius, *Nesten menneske*.

Fidjestøl tok imot prisen for framifrå bruk av sakprosa frå direktør Åse Wetås i Språkrådet. Prisen er på 100.000 kroner og eit grafisk trykk.

– Fidjestøl har også tidlegare vore blant dei nominerte, da som no for den frimodige, humørfylte, men alltid kjeldekritiske, faktaspekke og språkleg kreative framstillinga si av tunge institusjonar. Men ikkje minst har juryen late seg overtyde når prisvinnaren har demonstrert etisk balansert kjeldebruk, populærvitskapleg formidlingsevne og engasjert forteljarglede i den perspektivrike biografien sin om kjendissjimpansen Julius, seier Toril Opsahl på vegner av språkprisjuryen.

– GJÆVT OG UVENTA Fidjestøl får prisen for bøkene *Trass alt. Det Norske Teatret 1913–2013* (2013), *Frå Asker til Eden. Historia om Askerkretsen 1897–1924* (2014), *Eit eige rom. Norsk kulturråd 1965–2015* (2015) og *Nesten menneske. Biografien om Julius* (2017).

– Det er veldig gjævt, litt overveldande og veldig inspirerende å få prisen. Og det er sjølvstundt veldig uventa, det hadde ikkje falle meg inn at det kunne komme til å skje, seier Alfred Fidjestøl til Nynorsk pressekontor.

– Det er spesielt kjekt å få prisen i haust etter utgivinga av *Nesten menneske*, som på mange måtar har vore eit annleis prosjekt for meg. Det har vore dristigare enn det andre eg har gjort, og da kjennest det enda meir betydningsfullt å få anerkjenning for det, seier Fidjestøl.

NYNORSKPRIS Språkrådet deler kvart år ut prisen for framifrå bruk av norsk i sakprosa, anna kvart år for bokmål og nynorsk, og i år var det altså nynorsken sin tur.

I juryen har Toril Opsahl hatt med seg Aina Basso, Morten Strøksnes og Sverre Tusvik. Dei hadde i tillegg til Fidjestøl plukka ut Åsa Elstad, Jon Hustad, Erna Osland og Morten Søberg på kortlista si.

Dei seinare åra har tidsskriftet *Vagant* og forfatarane Gyrid Gunnes, Edvard Hoem, Erik Tunstad, Agnes Ravatn, Elisabeth Aasen, Stephen Walton, Kjartan Fløgstad, Karin Sveen, Einar Økland og Ivo de Figueiredo fått Språkprisen.

(NPK)

Rekordopplag for nynorsk-antologi

Foreningen lles lanserer ein ny **Tid for ti-aksjon** i januar 2018. Så mange som 20.000 antologiar blir då sende til påmelde skular og bibliotek i heile Noreg.

Tid for ti er ein nasjonal nynorsk leseaksjon på 7. trinnet i norsk skule. Aksjonen blei starta i 2015 i samarbeid med Nynorsksenteret. Alle påmelde elevar får ein antologi med utdrag frå ti nynorske bøker. Opplaget er på 20.000, ein auke på 5.000 frå tidlegare aksjonar.

– Vi har auka opplaget og aksjonen blei fullteikna tre veker før påmeldingsfristen. Dette er ny rekord, og vi kunne sikkert auka opplaget endå meir. Det er tydeleg ei stor interesse for nynorsk kvalitetslitteratur blant lærarar, elevar og bibliotekarar rundt om i Noreg, seier prosjektleiar **Ole I.B. Størø** i ei pressemelding.

(NPK)



Utfordrande målformval i nye Telemark-Vestfold

VERKEN I NYNORSKFYLKET Telemark eller bokmålsfylket Vestfold har målforma vore diskutert i samanslåingsprosessen. Språkrådet tilrår språkøytralitet, men i Telemark fryktar dei at det kan føre til at nynorsken blir gløymd.

– Nøytralitet kan vere eit grep, men eg er litt skeptisk til det, for å vere ærleg, seier fylkesordførar Sven Tore Løkslid (Ap) i Telemark til NRK.

For Løkslid er det ikkje urealistisk å tenkje seg nynorsk som administrativt skriftspråk i den nye regionen. Han peikar på at også vestfoldingar kan lære seg å skrive og lese nynorsk, sjølv om dei ikkje bruker målforma i dag.

Fylkesordførar Rune Hogsnes (H) i Vestfold ser ikkje nynorsk som noko aktuelt alternativ i det heile, men han er open for at fylket kan bli språkøytralt.

– Ingen kommunar i Vestfold har noko anna enn bokmål, så når det gjeld akkurat nynorsk, blir nok ikkje det særleg aktuelt, seier Hogsnes til NRK.

Både Språkrådet og Noregs Mållag meiner språkøytralitet kan fungere dersom det blir laga reglar for korleis målformene skal brukast.

Stortinget vedtok i juni at dei to



Opnar for nynorsk: For fylkesordførar Sven Tore Løkslid (Ap) er det ikkje urealistisk med nynorsk som administrativt skriftspråk.

Foto: Telemark Fylkeskommune.

fylkeskommunane skal bli eitt frå 2020. Fylkestinget i Vestfold har gått inn for samanslåinga, mens fylkestinget i Telemark i april sa nei.

(NPK)

Unge Venstre vil ha valfritt sidemål på vidaregåande

UNGE VENSTRE GÅR inn for å gjere sidemålet valfritt i vidaregåande skule, men vil samtidig innføre sidemålsopplæring alt frå tredje klasse i grunnskulen, skriv nettavisa Framtida.no.

Ungdomspartiet til Venstre vedtok fleire endringar i skulepolitikken på landsmøtet sitt på Sola utanfor Stavanger sist helg.

– Målet vårt er at elevane byrjar med meir sidemål tidlegare i skulen, og ikkje sånn som no at elevane møter det midt i puberteten frå åttande klasse. Byrjar vi tidlegare, så vil det vere ei

styrking frå dagens situasjon, seier nyvald Unge Venstre-leiar Sondre Hansmark til avisa.

Hansmark strekar under at Unge Venstre vil halde på eigen sidemålsskule i ungdomsskulen.

Leiar Fredrik Hope i Norsk Mållag ungdom er glad for at Unge Venstre vil starte sidemålsopplæring tidlegare, men er skeptisk til å gjere opplæringa i sidemål valfri i den vidaregåande skulen.

– Eg er redd valfritt sidemål i vidaregåande vil slå uheldig ut for nynorskkompetansen til mange elevar, seier Hope til Framtida.no. (NPK)

Landsmøte-

Aasmund Olavsson Vinje vart fødd i 1818. Noregs Mållag feirar med å skipe til landsmøte i Vinje. Det blir landsmøte nummer hundre.

– No møtest organisasjonen til landsmøte annakvart år, og då er det ekstra viktig å få med seg landsmøtet, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag. Han og styret er opptekne av at landsmøtet skal få drøfta alle dei viktigaste utfordringane for nynorsken og nynorskbrukarane i dag. Dessutan skal landsmøtet gjere gode vedtak og velje eit nytt styre.

På dette landsmøtet er det vedtak av arbeidsprogram for dei neste fire åra. Då blir det alltid spennande og interessante ordskifte. I tillegg inviterer styret til eit landsmøte med mange flotte kulturopplevingar, og kanskje blir det skikkeleg ein bra fest.

– Vi ynskjer at landsmøtet skal gje kveik til utsendingar som kjem frå heile landet. Det er spesielt viktig at alle fylkeslag er representerte. Men vi er også opptekne av at nye tillitsvalde som ikkje har vore på landsmøte før, tek turen, fortel Magne Aasbrenn.

TUR TIL MIDTBØ Programmet for landsmøtet er i ferd med å ta form. Landsmøtet skal vere i Raulandshallen i Vinje, medan utsendingane skal ha Rauland Høgfjellshotell som landsmøtehotell. Det er sett av tid til busstur med omvising på Midtbø der Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas budde med borna sine, og vi skal også få sjå Plassen der Aasmund Olavsson Vinje vaks opp og kvar det nye Vinje-senteret vert planlagt.



Kjem til Vinje: Frøy Gudbrandsen, politiske redaktør i Bergens Tidende.

Foto: BT.

» LANDSMØTET

- ▶ Dette er det 100. landsmøtet til Noregs Mållag
- ▶ Landsmøtet er frå torsdag 12. april til søndag 15. april 2018
- ▶ Hotellet er Rauland Høgfjellshotell
- ▶ Landsmøtestad er Raulandshallen ved sida av Rauland skule
- ▶ Landsmøteavgifta er 1000 kroner for lokallaga, med halv pris for Norsk Målungdom.
- ▶ Det er landsmøte kvart 2. år og det er venta opp imot 200 tilreisande til landsmøtet.

Forfattar Olav Vesaas vil halde føredrag om livet til Aasmund Olavsson Vinje. Olav Vesaas skreiv biografi om han tidleg på 1990-talet og har halde mange føredrag gjennom åra.

Frøy Gudbrandsen, politisk kommentator i Bergens Tidende, skal halde eit føredrag om den motkulturelle journalistikken, kva er vilkåra for den i dag og kva skal til for at nynorsken har gode vil-

Mållaget vil ha samisk på TV 2

I SEPTEMBER VAR det klart at TV 2 er einaste TV-kanal som har levert inn søknad til Kulturdepartementet om å få det kommersielle allmennkringkastingsoppdraget. Søknaden baserer seg på utlysing frå Kulturdepartementet. I denne utlysinga vert det peika på at kanalen som søker kan velje fem programområde dei skal satse på for å sikre sjangermessig breidde.

Kampanje.com har meldt at TV 2 har valt å droppe samiske program i sine satsingsfelt. I dei viktige forhandlingane mellom Kulturdepartementet og TV 2 om det kommersielle

allmennkringkastingsoppdraget burde ikkje dei gje opp samisk så lett. Noregs Mållag meiner at TV 2 ikkje bør få lov til å droppe samiske program i den nye konsesjonsperioden det no vert forhandla om.

– Dersom til dømes TV 2 legg ut sine samiske program berre på nett-TV på TV 2 Sumo, vil det likevel har mykje å seie for samisk i det daglege, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

– Både i grunnskulen og lenger oppe i skuleløpet vil eit slikt tilbod bli svært mykje brukt. Teksting på eitt eller fleire av dei samiske språka vil

vere eit positivt tilskot. Teknologien ligg til rette for dette. I den nye, overordna delen av læreplanen som blei vedtatt i haust, blir det slått fast at alle elevar i landet skal lære om samisk historie, kultur og samfunnsliv.

Aasbrenn meiner at eit TV 2 heilt utan samisk, er ikkje god og moderne språkpolitikk. Samisk språk må òg vere synleg utanfor dei samiske områda. Mållaget vil oppmode både TV 2 og Kulturdepartementet til å sjå på saka ein gong til. TV 2 er heile Noreg sin TV-kanal, og det er utruleg viktig at TV 2 tek ansvar også for det samiske.

-jubileum i Vinje



Kjem frå Vinje: Aasmund Nordstoga.

Foto: Marcel Leliénhof

kår i norsk presse framover. Den nye daglege leiaren på Vinje-senteret, Kristian W. Rantala, kjem og fortel om planane for senteret. Torsdag kveld varmar vi opp

med formøte for nye utsendingar og kviss på landsmøtehotellet. Fredag kveld er det kulturkveld i Vinjehuset i Åmot der Aasmund Nordstoga og Åsmund Reistad

held konsert med mellom anna med songar av Aasmund Olavsson Vinje.

ERIK GROV
erik.grov@nm.no

Sentrumspartia sikra gjennomslag

VENSTRE OG KRF fekk til ei språkpolitisk satsing for nynorsken i forhandlingane om nytt statsbudsjett med regjeringa.

– Noregs Mållag er veldig glad for dei auka løyvingane til både oss, Det Norske Samlaget og mange andre gode tiltak. Det viktigaste er likevel at løyvinga til Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) er på plass, og sikrar gode nynorsktiltak for barn og unge, som Framtida, Framtida junior og Pirion, sa Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Han peika særleg på Terje Breivik i Venstre og Tore Storehaug i KrF, og takka dei for å ha arbeidd fleire nynorskkrone inn i budsjettet.

– Nynorskbrukarane har mange vener på Stortinget. Dette er to av dei viktigaste. Dei veit å prioritere nynorskspørsmål også når ein må prioritere hardt.

LNK fekk ei påplussing på 1,2 millionar, Noregs Mållag fekk 1,1 million ekstra, Vinje-senteret fekk 1,6 millionar, produksjonstilskotet til aviser auka med 5 millionar, Hordaland Teater fekk

1 million ekstra og Det Norske Samlaget fekk ei løyving som ligg éin million over regjeringas opphavlege utkast.

Aasbrenn takka for løyvinga på vegner av dei nesten 13.000 medlemene i Noregs Mållag.

– Dette statsbudsjettet er eit løft for nynorsken, og for Noregs Mållag er det eit kjærkome økonomisk løft. Vi vil bruke pengane godt, til det beste for nynorsken. Både unge og eldre nynorskbrukarar skal tene på dette. Det er lite som gjev meir nynorsk for pengane, slo Magne Aasbrenn fast.



ANNE SVANAUG
STRAUME
Dagleg leiar i Kringkastingsringen

25 prosent – også på nett

DET VAR TEMA under den opne kvelden Kringkastingsringen og Fylkesmållaget Vikværingen skipa til 15. november. Normert tale vert rekna for å vere ei nøytral form av eit språk, som er lite markert av ein dialekt eller ein sjar-gong, i følge Wikipedia. Dette er berre ein av mange definisjonar.

MANGE LAND VEL å bruke normert språk i media. Kina, Frankrike og Brasil er døme på slike land. Her i Noreg har det dei siste åra vore slik at ein finn det normerte språket i nyheitene, helst hjå NRK.

UNDER DEBATTEN I november lurte me på om det normerte språket har utspelt si rolle, er dialektane gode nok, og tek dei rett og slett over? Treng ein normert tale?

EIT POENG SOM vart lyft fram, var at konsekvensane av å skjerpe krava til normering kan føre til mindre normert nynorsk, ikkje meir. Grunnen kan vere at mange av dialektbrukarane som ikkje ligg særleg nært korkje bokmål eller nynorsk, vil velje å normere mot bokmålet. Ein fryktar altså mindre dialekt og meir normert bokmål.

DIALEKTANE ER VIKTIGE for å syne språkmangfaldet, og at vi som sit rundt om i landet, skal kjenne oss att i det vi ser og høyrer i media. Samstundes er det eit pedagogisk poeng ved å nytte normert tale. Då får vi høyre korleis eit «rett språk» er.

LIKEVEL ER DET ein annan mediekvardag no enn for berre få år sidan. Ingerid Stenvold, som har fått unntak frå å nytte normert tale, meinte at det ville vere vanskeleg for ho å vere spontan på eit normert språk. Ho trekte fram at i jobben i dag skal ein kunne lese opp nyheiter, ein skal ha samtaler med intervjuobjekt i studio eller annonsere hastesaker som kjem inn undervegs i sendinga. Det er fleire situasjonar som krev spontanitet under ei nyheitssending i dag, enn det var tidlegare. Då kan det vere vanskeleg spontant å normere språket rett.

RAGNHILD FJØRTOFT, SOM var tilskodar, reiste seg då me opna for spørsmål frå salen, og sa at det å snakke normert ikkje er noko problem – det handlar om vane.

ME I KRINGKASTINGSRINGEN ser utfordringane som ligg i ei endra medieverd. Me ynskjer ikkje at eit normert språk skal gå utover dialektane. Samstundes er det naudsynt at i alle høve nyheiter vert framført på eit nøytralt språk, som er lett å forstå. Normert tale er då eit godt alternativ.

Handlenett.no Nynorske gåver



Tekstilar, keramikk, turutstyr, ordsmykke, Lurivar-produkt, bøker, musikk og mykje meir.

**Gode førjulstilbod
på handlenett.no**

Nettbutikken til
Ivar Aasen-tunet og Olav H. Hauge-senteret

Høgreekstreme miljø er glade i å smykke seg med tradisjonar og symbol som skal gje kampen deira legitimitet. Men akkurat nynorsk har dei ikkje kome på å bruke enno.
– Det er ein logisk brest, seier **Øyvind Strømmen**.

Lite nazi-nynorsk

I SOMMAR RØRTE Vårt Land opp brunt vatn. Utgangspunktet for skriveria var seminaret «The North awakens» som Scandza Forum skipa til Oslo. Det meste av innhaldet på programmet høyrer heime langt ute på den politiske høgresa. Noko av det også ekstremt langt ute.

Ein av innleiarane var Olav Torheim, som er redaktør for nettstaden «Maalmannen». Torheim skriv helst på høgnorsk, og journalisten kopla saman den politiske budskapen og språkbruk. Mellom anna fekk Finn-Erik Vinje ytre at «koblingen mellom politisk reaksjonære holdninger og språkpolitisk markering er historisk velkjent».

Forfattar og journalist Øyvind Strømmen vart også intervjuet. Han kalla «Maalmannen» nasjonalistisk og plasserte den politiske ståstaden på ytste høgre fløy. Men etter å ha studert høgreekstremisme på nett i mange år, meiner han at Torheim er ei einsleg svale.

– Eg er ikkje overraska over at slike haldningar dukkar opp i form av høgnorsk. Men det er berre «Maalmannen», og eit par andre personar rundt den nettsida, seier Strømmen.

– Det finst ein fasinasjon for det norrøne, som kjem til uttrykk ved at ein leflar med norrønt språk eller veldig konservativ nynorsk, men dei er veldig få.

LITE OPPTAKNE AV SPRÅK

I utgangspunktet burde mange fleire høgreekstreme skrive nynorsk. Språket har ei klår historisk åre, og ligg ope til å flagge nasjonalistiske tankar. Strømmen seier at han sjølv har stussa over dette.

– Det er pussig. Når eg skriv om ytre høgre, får eg som regel kjeft i kommentarfelta. Innlegga handlar

» ØYVIND STRØMMEN

► Journalist og forfattar

► Har markert seg for si kartlegging av høgreekstreme miljø på nettet.

► Har skrive fleire bøker, m.a. Det mørke nettet. Om høgreekstremisme, kontrajihadisme og terror i Europa (2011) og Anders Lange. En norsk historie (2016).

stort sett om at eg er ein idiot og at eg ikkje bryr meg om landet mitt. Men om eg skriv noko tilsvarande på nynorsk, får eg kjeft for at eg skriv på nynorsk. Dei lurar på om eg ikkje kan skrive på skikkeleg norsk. Så eg har registrert at ein del av dei folka som er veldig opptekne av norsk kulturarv og norske tradisjonar, nærer eit hat mot nynorsk. For meg heng ikkje det på greip. Det er ein logisk brest. Ein skulle faktisk tru at det var ein større appell for nynorsk i miljø som er opptekne av den norske fortida, gjerne blanda med nokre vikingar. Men akkurat når det kjem til språk, så held ein seg med det som på engelsk heiter danon-norwegian. Reint logisk skulle det ha vore meir nynorsk fanatisme mellom tilhengjarar på ytre høgre.

– Er dette annleis i andre land?

– Språksituasjonen i Noreg er spesiell. Hadde det vore ein tilsvarande språksituasjon i Frankrike, så hadde det nok sett annleis ut. Hadde dei hatt eit høgspråk som var påverka av eit naboland, og samstundes eit språk basert på franske dialektar, så trur eg dei høgreekstreme kreftene hadde kasta seg over det. Det einaste som kan minne litt,



Får kjeft: – Når eg skriv om ytre høgre, skriv folk at eg er ein idiot og at eg ikkje bryr meg om landet mitt. Skriv eg noko tilsvarande på nynorsk, lurar dei på om eg ikkje kan skrive på skikkeleg norsk.

Foto: Kjartan Helleve

er at finske nasjonalistar har gått til åtak på svensk, men det er jo eit minoritetsspråk som stammar frå innflytting. Lenger attende kan ein derimot finne døme. På seint 60-tal var det ein hard strid om kva språk ein skulle nytte på universitetet i Leuven i Belgia, fransk eller flamsk. Det kom til harde samanstøytar, og til og med liv gjekk tapt. Her var det krefter frå heile den politiske skalaen, men det var høgreekstremer krefter som nytta språk som våpen og argument mot den belgiske staten og andre motstandarar. Men slikt ser me lite av no.

– Men språk er ofte viktig når regionar prøver å skaffe seg større sjølvstyre, som t.d. i Baskarland og i Katalonia?

– Det stemmer. For ein del re-

gionale separatistiske rørsler er det klart at språk spelar ei rolle. Det heng i hop med det nasjonale opprøret i det, dei kjempar for å bli eit eige land eller å få utvida sjølvstyre. I desse rørsleane finn ein også høgreekstremer miljø, som t.d. i Bretagne. Men rørsleane på ytre høgre er som regel knytte til nasjonar som allereie eksisterer, der ein har ein fastlagd språknormal, som t.d. England. Så mitt inntrykk er at det ikkje er så mykje fokus på språk. Det einaste er at det finst anti-amerikanske krefter som reagerer på bruken av engelsk. Men ut i frå det eg har sett på, så er ikkje språk ei viktig sak.

LITE GULT OG RAUDT – Kva så med andre symbol som er knytte til norskdomsrørsla?

– Gult og raudt er det ikkje mykje å sjå av, nei. Den nynazistiske «Nordiske motstandsørsla» er i utgangspunktet svensk, og det har mykje å seie for dei ideologiske røtene. Røtene går attende til det som heitte «Vitt Arisk Motstånd», som igjen var direkte inspirert av den amerikanske gruppa «White Aryan Resistance». Og der var dei veldig opptekne av runer, som elles i dei amerikanske høgreekstremer miljøa. Dei er veldig glade i tyr-runar, men så er det stort sett den. Eg har sett døme på at tyske nazistar nyttar det norske flagget, men t.d. «Den nordiske motstandsørsla» har jo sine egne flagg. Så nei, dei går nok lenger attende.

– Altså til vikingar og slikt?

– Ein tek i bruk gamle symbol og leitar etter det historiske. Og der skjer det også interessante ting. Gruppa «English Defense League» nyttar korsfarar som symbol. Då gruppa fekk avdelingar rundt om i Europa og fekk avleggjarar, nytta også desse korsfarar. Men i tillegg dukka også ein viking opp, rett nok i ein kitch-variant som ligg eit stykke frå korleis vikingane faktisk levde eller såg ut. Slik blir ulik kulturell arv graven fram. Sams

er draumen om den typen menn som slost for landet sitt. Skikkelege menn som stod opp mot fiendar. Sjølv om det er litt uklårt akkurat kven vikingane reiste seg opp og slost mot, eller det faktum at korsfararane strengt tatt reiste til Midt-austen for å slåst. Men alt dette er berre ein måte å gje seg sjølv ein slags historisk legitimitet på. Setje seg sjølv og sin eigen kamp inn i ei historisk forteljing. Og der er det overraskande at ikkje fleire koplar det til målsak.

– Om ein ser vekk frå Torheim og «Maalmannen».

– Det ligg eit potensial i dette, men det kjem neppe til å vekse ut i frå miljøet rundt «Maalmannen». Språket blir ein barriere. Det er krevjande å lese høgernorsk, så han har stengt døra for mange ved å velje det språket. Det ville vore meir interessant om ein hadde fått ein bruk av meir vanleg nynorsk og at ein eventuelt hadde kopla det saman med politikk. Ein har sett døme på dette på ytre venstre, som tok i bruk nynorsk og hevda å kjempa mot dansk imperialisme. Men altså svært lite på høgresida.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

“ Eg har registrert at ein del av dei folka som er veldig opptekne av norsk kulturarv og norske tradisjonar, nærer eit hat mot nynorsk.

Øyvind Strømmen

Inspirerte Oslo-lærarar

For andre året på rad skipa mållaga Oslo, Bærum og Vikværingen til **Nynorsk Motivasjonsdag**.

I oktober samla åtti lærarar i Oslo og Akershus seg på Det Norske Teatret i Oslo. Lars Mæhle snakka om korleis ein kan få til inspirerende skriveøktar, og representantar frå Nynorsksenteret snakka om morgondagens skule og om tidleg start med sidemålsopplæringa.

– Eg likte godt skriveøvingane til Mæhle, seier Christian Johander, lærar ved Skullerud skole.

– Det er ikkje utenkjeleg at eg kjem til å stele nokre av dei. Eg har nett byrja som lærar att, og det er ei stund sidan eg underviste i nynorsk. Difor er det godt få ei oppfrisking og litt påfyll. Så slepp eg berre å stele opplegget til dei andre lærarane på skulen, seier Johander.

FOR MELLOMTRINNET I fjor hadde dei tre lokallaga invitert lærarar frå ungdomsskulen og frå den vidaregåande skulen. I år var det lærarar frå 5. til 8. trinn som var målgruppa. Sjølv om det kom litt færre i år, så var laga likevel godt nøgde med oppmøtet.

– Me trur at det har litt med at på vidaregåande har mange lærarar norsk som eige fag, medan lærarar i ungdomsskulen har fleire fag. Det kan vere ein årsak til nedgangen, seier Liv Talle, leiar i Oslo Mållag.

– Dette er også andre året på rad at me rettar oss mot ungdomsskulelærarane, så det er nok mange som var her i fjor. Men me er svært nøgde med dei om lag åtti lærarane som har teke vegen, seier Talle.

STØNAD FRÅ UTDANNINGSETATEN Ho fortel at tilskipinga er eit stort løft, men at det er til stor hjelp at tre lokallag kan løfte i lag. På same måten er ho svært glad for



Godt nøgde: Liv Talle (Oslo Mållag), Haavard Tangen (Vikværingen) og Åse Hermundstad Sanner (Bærum Mållag) vart godt nøgde med oppslutninga på inspirasjonsdagen.

Foto: Kjartan Helleve

støtta dei har fått, ikkje minst frå Utdanningsetaten i Oslo.

– Støtta gjer det råd for lærarane å gå ut av undervisninga og heller kome hit. Det er veldig bra at Utdanningsetaten så raskt sa i frå om at dei ville vere med på dette. Det syner også at etaten ser dette som viktig arbeid. Utgangspunktet vårt er at norsklærarane er glade i faget sitt, og me har stor respekt for jobben dei gjer, men skjønar at det til tider kan vere ein krevjande jobb. Då er det bra at me kan bidra med fagleg påfyll og gje litt inspirasjon. Me set nynorsk på dagsorden, og eg trur det er noko av grunnen til at etaten er såpass positiv, seier Talle.

Om det blir ein ny inspirasjonsdag neste år, er enno i det blå.

– Akkurat no har me ingen planar om ei liknande tilskiping neste år, det kostar ein del og me kjenner vel på at me har nådd mange i målgruppa. Om me skulle gjort noko neste år, så hadde nok barnehagetilsette vore ei naturleg målgruppe. Men akkurat no er det altså ingen konkrete planar, seier Talle.

KH

Stafetten

I løpet av tre veker i oktober og november fekk femten kommunar i Valdres, Hallingdal og på strilelandet vitjing av **nynorskstafetten**.

– Nynorskstafetten har mange funksjonar. Det viktigaste er nok at det politiske miljøet i kommunane lyt tenkje gjennom og svare på korleis dei brukar nynorsk i kvardagen. Dette gjer dei meir medvitne, og det er viktig, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag. Han var med på fyrste etappe, og reiste Valdres på kryss og tvers i fem dagar. I Sør-Aurdal møtte stafetten den fyrste snøen, men lét seg ikkje stoppe av den grunn. Mannskapet hadde lange dagar for å rekkje over det omfattande programmet lokallaga hadde organisert.

GJEV KUNNSKAP – Vi lærer mykje om korleis nynorsken vert brukt eller ikkje brukt lokalt i Noreg. Det kan vere viktige deltaljar om korleis elevane vert møtte når dei kjem på ein ny skule eller andre lokale tilhøve, seier Aasbrenn.

Han legg også vekt på opplevingane dei som reiser på stafetten, får oppleve.

– Vi møter kloke og hjelpsame målfolk i alle bygdene vi kjem til, og får høyre kva dei tenkjer om målarbeidet hjå seg. Det har vi



Veksling: Magne Aasbrenn gjev stafettpinne vidare til ordførar i Nord-Aurdal, Inger Torun Klosbøle.

stor nytte og glede av, seier Magne Aasbrenn, som vonar nynorskstafetten kan setje spor etter seg med oppfølgingsarbeidet i etterkant.

TRE VEKER Det er femte året Noregs Mållag og Norsk Målungdom reiser på nynorskstafett. På tre veker vitja vi 14 lokallag i til saman 16 kommunar. Turen byrja i Valdres med Sør-Aurdal, Etnedal, Vestre Slidre, Nord-Aurdal, Øystre Slidre og Vang. Deretter stod Hallingdal for tur, med Gol, Hemsedal, Hol og Ål. Etter ein vervestogg på Voss gjekk turen vidare til Vaksdal, Bergen, Askøy, Fjell og Sund i Hordaland.

I nesten alle kommunane møtte vi ordføraren, og har alltid vorte godt mottekne. Dei fekk kvar sin stafettpinne med meldinga om at dei no er del av ein 150 år lang tra-

» LANDET RUNDT



Maria Høgetveit Berg (til venstre) delte ut Buskerud mållag sin målpris til Ingunn Thon.

INGUNN THON HEIDRA: Ingunn Thon frå Ål fekk Buskerud mållag sin målpris for 2017.

Prisen får Ingunn fyrst og fremst for boka *Ollis* som kom ut på Samlaget no i 2017. Dette er ei spenstig bok, både for vaksne og ungar, med eit levende, leugt språk. Best kjend er ho som programleiar og dokkespelar i NRK Barne-TV.

Prisen vart delt ut på Bokmessa i Hallingdal i Ål kulturhus laurdag 18. november i samband med at Ingunn presenterte boka si for vaksne.

NYNORSK I BERGEN: I september hadde Bergen Mållag, Hordaland Mållag og Noregs Mållag møte med skulebyråden i Bergen, **Pål Hafstad Thorsen**. Saker som vart drøfta, var målbruksplanen som Bergen kommune arbeider med og status for sidemålsprosjektet.

OPPLANDA ER NAMNET: Hadeland dialekt- og mållag har i lesarinnlegg i avisa Hadeland kome med sitt råd til kva det nye samanslåtte fylket mellom Hedmark og Oppland skal heite. Dei gjer framlegg om namneforma Opplanda.

ALFRED FIDJESTØL TIL STJØRDAL: Stjørdal Mållag og Stjørdal bibliotek inviterte til møte med forfattar



Foto: Agnete Brun

Alfred Fidjestøl (biletet) på Stjørdal bibliotek laurdag 18. november. Han er aktuell med ny bok: *Nesten menneske. Biografien om sjimpansen Julius*. Det vart nyleg kjent at Alfred Fidjestøl fekk Språkprisen 2017 av Språkrådet.

LITTERATURQUIZ I SKÅNEVIK MÅLLAG: Skånevik Mållag og Etne bibliotek inviterer til litteraturkveld med **Erika Fatland**, litteraturquiz og drøs siste fredagen i november.

MØTE I VAKSDAL: Hordaland Mållag og Noregs Mållag inviterte til møte i **Vaksdal Mållag** då Nynorskstafetten vitja kommunen. Det er om lag 46 medlemmer som bur i Vaksdal. Live Havro Bjørnstad, tilsett i Hordaland Mållag, har vore i kontakt med fleire medlemmer som ynskjer å starte opp att, etter at Vaksdal Mållag har vore nedlagt i nokre år. Havro Bjørnstad vil arbeide vidare med laget.

i mål



Kos: Hege Lothe, Live Havro Bjørnstad og Elise Tørring kosa seg på tur.



Rask reaksjon: Ordfører i Sund, Kari-Anne Landro, avsluttar møtet med å melde seg inn i Mållaget.

disjon om å føre nynorsken vidare. Det har dessutan vore møte med skule- og barnehageleing, med bibliotek, næringsliv og lokallag.

Havro Bjørnstad er tilsett i Hordaland Mållag, og var med på Nynorskstafetten for fyrste gong.

– Det var veldig lærerikt å vere med, seier Live.

– Eg lærte både kva andre i Mållaget er opptekne av, og korleis me best representerer Mållaget. Det var spennande å høyre korleis tilsette i barnehagar og skular arbeider med nynorsk.

Dei dagane Live var med på stafetten, møtte vi fleire barnehagar i nynorskområde i og rundt Bergen.

– Inntrykket mitt er at det er ulikt medvit om nynorsk. Nokre tenkjer på språk utan å ha tenkt på nynorsk i det heile. Andre har eit veldig medvite forhold til nynorsk språkstimulering.

– Bergen Mållag skipa Nynorskbar med Ingvild Brügger Budal som snakka om den nye boka si Nynorsk med dei minste, den fyrste større publikasjonen om nynorsk i barnehagen. På Sotra skipa lokallaget medlemskveld med underhaldning og rapport frå mannskapet på Nynorskstafetten.

OPPATTSKIPING AV VAKSDAL MÅLLAG

– Hordaland Mållag har som målsetnad å skipe opp att Vaksdal Mållag. Det er i dag 46 mållagsmedlemmer som bur i Vaksdal, så det er allereie eit godt grunnlag, fortel Live Havro Bjørnstad. Det var diverre ikkje mange som hadde høve til å kome denne dagen, men det er mange som har vist interesse for å få opp att eit aktivt lokallag i kommunen.

MÅLFERD Nynorskstafetten er eit tett samarbeid mellom Norsk Målungdom og Noregs Mållag. Det viktigaste bidraget til Norsk Målungdom er målferdene. Dei avtalar undervisningsopplegg på ungdomsskular og vidaregåande skular, alt etter kvar vi er. Fredrik Hope, leiar i Norsk Målungdom, var på målferd den fyrste veka i Valdres.

– Det er ein tydeleg samanheng mellom kva kommunane gjer for nynorsken og kor mange nynorskelevar det er i kommunen, seier han. Det store språkbytet i Valdres kjem på vidaregåande skule, men det er heilt tydeleg at også desse elevane er opptekne av å ta vare på dialekta, seier Fredrik Hope.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no



INSPIRASJONSDAG I VADSØ: 19. oktober i Vadsø arrangerte Varanger Mållag og Lærarmållaget «Nynorsk inspirasjonsdag» for 30 norsklærarar frå skular i Aust-Finnmark. Ein av innleiarane var professor Trond Tros-

terud frå Universitetet i Tromsø, som snakka om tilhøvet mellom bokmål, nynorsk, samisk, kvensk og finsk i skuleverket i nord. På biletet til venstre er han flankert av skrivar Sigrid Skarstein (t.v.) og leiar Rønnaug Ryssdal. Elles var Marit Wadsten og Reidun Kydland frå Nynorsksenteret og mållagsleiar Magne Aasbrenn med på å spreie motivasjon og praktiske råd og vink.

NYNORSK INSPIRASJONSDAG OG HAUSTSEMINAR I TRONDHEIM:

I oktober inviterte Trønderlaget og Noregs Mållag til Inspirasjonsdag for lærarar i Trondheim og haustseminar. Inspirasjonsdagen var veldig godt besøkt. Det var noko over 70 lærarar frå ungdomsskular og vidaregåande skular i Trøndelag som deltok. Ei av tilbakemeldingane var at lærarane ville ha fleire gode framlegg til betre sidemålsundervisning. På haustseminaret var det om lag 50 deltakarar, og godt over halvparten av desse deltok på inspirasjonsseminaret på fredagen.

MÅLSELV 70 ÅR! I oktober feira Målselv Mållag i Troms 70 år med fest og konsert. På Høgtun var det staseleg lag med gode innslag frå Målselv spel-

mannslag. Festmiddagen var rett og slett elg skoten på teigen mållaget sjølv eig. Både Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, og Magne Heide, leiar i Troms og Finnmark Mållag helsa jubileumsfestlyden. Etter middagen var det konsert med gruppa Fotefar, der dei presenterte forestillinga si "Flygande kråka får alltid mat" med songar tufta på repertoaret og folkeminna frå Edvard Ruud frå Elgnes utanfor Harstad. Gjennom eit langt virke sørgde Ruud for at fleire hundre nordnorske folkesongar blei tatt vare på - og han skreiv sjølv sagt på nynorsk.

BOK I VALDRES: Laurdag 18. november var det Bok i Valdres i festsalen på Fagernes. På biblioteket var det juleverkstad med diverse aktivitetar for store og små på foremiddagen. Det var Nord-Aurdal Mållag som inviterte saman med Valdresbiblioteka, Fagernes Libris og kulturkontoret i Nord-Aurdal.

BOKKVELD OM PER KLEIVA: Norddal Mållag arrangerer bokkveld på Fjellro i Valldal 3. desember. Her kjem dei til å rette søkjelyset mot biletkunstnaren Per Kleiva som døydde i september.



Gunvor Raastad les dikt av Vinje 30. juni 2017. Foto: Reidun Sørensen



Samarbeidspartnarane samla på Presteenkesetet Sjo.

Foto: Knut Sterud

Store planar for Vinje-jubileet i Gran

Hadeland dialekt- og mållag har lagt store planar for å markere 200-årsjubileet til **Aasmund O. Vinje**.

6. april 2018 er det 200 år sidan Vinje vart fødd, og årsjubileet vil bli markert fleire stader i landet. Gjennom prosjektet «Vinje-jubileet 2018 i Gran» inviterer lokale krefter små og store til å bli betre kjend med dikteren, journalisten og målmannen. Ordførar Willy Westhagen opnar jubileumsåret i mars 2018. Då får vi A.O. Vinje – til inspirasjon for alle, eit program om språk, musikk og humor med Maria Høgetveit Berg og Hallgrim Berg.

VIL LØFTE VINJE INN

I SAMTIDA Vinje døydd 52 år gammal i Vinjerommet på Presteenkesetet Sjo, som med si permanente Vinje-samling har ein sjølsagt plass i 200-årsjubileet. For det var til sin gode ven på Granavollen Vinje reiste på bryllaupsreise i 1869 og året etter.

– Det vil vi bruke for alt det er verdtt når kulturnasjonen neste år kjem til å sjå mot Gran og Granavollen i høve 200-årsmarkeringa, fortel Reidun R. Sørensen i Hadeland dialekt- og mållag.

– Vi vil gjere Vinje kjend for fleire på Austlandet og løfte han inn i samtida. Ved å sette lys på Vinjes forfattarskap vil det vere naturleg å sjå korleis Vinje utfordrar oss, også i vår tid. Jubileumskomiteen samarbeider difor breitt

for å forankre jubileet lokalt og få fram ulike sider av Vinje sitt liv og livsverk, seier Sørensen.

MARKERER DØDSDAG To av kulturkveldane er lagt dit. Olav Vesaas tale om dikteren Vinje og Karsten Alnæs om journalisten Vinje. Gran Historielag og Gran bibliotek har valt Vinje sin fødselsdag 6. april til sitt bidrag til jubileet. Då blir det helgeseminar «På nært hold Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870)», og seminaret byr på uroppføring av musikkverk, fleire spennande foredrag og Vinjequiz. 17. mai i år heldt Tora Aasland ein glitrande tale om Vinje si rolle som nasjonsbyggjar i dansketida, og neste år er direktør for Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, invitert til å halde minnetalen.

– Dei siste åra har lokallaget markert dødsdagen til Vinje 30. juli med diktlesing, fortel Sørensen.

– Det er vår eiga Gunvor Raastad som brukar å lese, og vi får gode tilbagemeldingar frå «bilegrimanen» som tilfeldigvis stikk innom for å sjå Søsterkirkene den dagen. Når vi i juli i jubileumsåret legg ned krans for å markere dødsdagen til Vinje, vil vi også få orgelkonsert av Andrea Maini. Han er fødd i Italia, er kantor i Fjære kyrkje og er leiar for Vegårshei Mållag.

PILEGRIMSVANDRING

Ho meiner at høgdepunktet vil bli helga 2. og 3. juni 2018. Då vil samarbeidspartnarane Kirken i Gran, Pilegrimssenter Granavollen og Pilegrimsfellesskapet RiHaTo (Ringrike, Hadeland og Toten) starte dagen med pilegrimsvandring frå Røykenvik til Granavollen, med innlagte foredrag om Vinje undervegs. Om kvelden inviterer mållaget til jubile-

umskonsert i Tingelstad kyrkje. Då får dei vandrane høyre Aasmund Nordstoga og Åsmund Reistad framføre Vinje. Dagen etter jubileumskonserten opnar DnT Hadeland ei gammal gutu som ny turveg. I tett samarbeid med grunneigarane vil turistforeininga rydde og merke Ekersgutua frå Kjørkevengen, gjennom kulturlandskap med beitemark og åkerkantar. Slik vil DnT Hadeland markere at Vinje også var ein fjellets mann og var med på å stifte Den norske Turistforening.

Sørensen fortel vidare at Hadeland videregående skole også har starta sitt arbeid med jubileet, og at Hadeland kirkeakademi har valt Religiositet, tro og tvil hos A. O. Vinje som sitt bidrag i august.

– Kyrkja og pilegrimssentera er gode samarbeidspartnarar kvart år, fortel Sørensen.

– Men neste år blir det ekstra stas å vandre frå Røykenvik på den same vegen som Vinje kan ha køyrt i karjol på si siste ferd til kapellan Bang på Sjo. Frå Presteenkesetet Sjo kom han til Granavollen i kiste. Undervegs får vi høyre om då hesteskyssen med Vinje passerte huset til distriktslege Jerome Buchholtz. Då såg paret Buchholtz frå glaset «Digteren kjøre forbi sammenbøiet, ustø, vaklende, bleg i Karjolen.» Kanskje kjem det ein lutrygga Vinje køyrande i karjol på den same grusvegen neste sommar?

HADELAND DIALEKT- OG MÅLLAG

I 2018 er det 200 år sidan Vinje vart fødd. Vinje døydd på Gran på Hadeland i 1870. Foto: Claus Peter Knudsen / Nasjonalbibliotekets arkiv



Koret «Vi Menn» song vakkert. Foto: Magne Heide.

Balsfjord Mållag 40 år

19. OKTOBER HADDE Balsfjord Mållag den tradisjonelle kulturkvelden sin og feira samstundes 40-årsjubileum. Mållaget kan skilte med eigen poet, Lillian Bernes Hay, og ho las prologen ho hadde skrive ved dette høvet.

Frå Samlaget kom redaktør Ellen Skjold Kvåle og presenterte forlaget og nokre av dei mest aktuelle forfattarane. Ho hadde med ei rekke bøker som ho omtalte kort og interessevekkande, og bøkene var til sals etterpåk.

Fylkeslagsleiar Magne Heide helsa frå Troms og Finnmark fylkesmållag.

Professor Arne Torp var foredragshaldar på jubileumskvelden. «Kvifor er Noreg dialektparadis?» var tittelen på foredraget. Torp fanga publikum frå første stund og illustrerte dialektmangfald i Sverige og Danmark ved sida av vårt eige land. Vidare forklarte han korleis historie og språkpolitikk i Noreg har ført til ei sterk stode for dialektane våre. Arne Torp fekk stor applaus.

Koret «Vi Menn» hadde songar på dialekt frå fleire kantar av landet, og dessutan den islandske «Á Sprengisandi». Det siste var ei overrasking og viste til at då Arne

Torp besøkte Balsfjord Mållag i 2009 med foredraget «Språk i Norden», song han denne i lag med «Vi Menn». Så no stilte Torp til dakapo og blei utnemnd til æresmedlem i koret!

Det var god stemning i kantina på Nordkjosbotn vidaregåande skole denne kvelden, og etter heimelaga mat og kaffi var det loddsal og kviss – denne gongen med emnet «Dialektord frå Troms».

På jubileet var det møtt fram over 60 personar, som er publikumsrekord for Balsfjord Mållag.

INGRID RUSSØY

Meland Mållag 100 år

MED EIN STOR fest med 62 deltakarar feira Meland Mållag i Nordhordland 100 år i helga. I Nordgardsløa på Frekhaug blei det servert sosekjøtt, svissekomppott og topp underhaldning med korsong av det eigne koret Måltrastane og med «Jazz på strilemålet» med Reidar Konglevoll med band.

Leiar Haakon Aase leia festkvelden, og han kunne sleppe til talarar frå nær og fjern, blant dei ordførar i Meland Øyvind Oddekalv og leiar i Noregs Mållag Magne Aasbrenn. I talen sin sa ordføraren blant anna at Mållaget måtte vere på vakt slik at ikkje den store innflyttinga til Meland gjorde bokmålspresset på skulen for stort. Aasbrenn la vekt på at Meland var prov på at om eit lag var «sovande» i nokre år, så hindra ikkje det at det kunne bli levande igjen. Frå 60-talet til 1981 var det lite aktivitet i Meland, men så skaut arbeidet fart på nytt.

Haakon Aase heidra fem tidlegare lagsleiarar som var til stades, og så blei avslutninga på den offisielle delen av programmet at festlyden song «Nordmannen» ståande. Ikkje usannsynleg at opphavsmann Ivar fekk det med seg, der han står på sokkel hundre meter lenger ned i gata på Frekhaug. Frå 1843–1844 budde Ivar Aasen i Meland og laga dei første grammatikk-utkasta her.



Aase er ikkje misnøgd med å ha fått 5000 kroner i jubileumsgåve frå ordførar Øyvind Oddekalv. Nestleiar Åse Grønnes vaktar stiftingsprotokollen frå 1917.

Norsk skjønnlitteratur er full av kjenslevare kvinner som jaktar på sterke menn. Eller omvendt. Debutant **Unn Conradi Andersen** vil utfordre den stereotypien.

Personleg paradigmeskifte

Hovudpersonen i «Alt uavklart» er journalist. Ho er av den typen journalist som har skrive ferdig saka før ho i det heile har snakka med personen det skal handle om. Det handlar berre om å få intervjuobjektet til å seie dei rette orda, å få tak i dei rette sitata. Til og med tittelen har ho klar.

På veg for å møte romandebutant Unn Conradi Andersen tek eg meg sjølv i å gjere det same. Boka handlar om Torunn, ein innflyttar med hus, heim, mann og god jobb. I løpet av boka byrjar Torunn å grave i historia om kva farfaren dreiv på med under krigen, og byrjar samstundes å grave i sitt eige kjensle- og kjønnsliv. Det blir omveltingar. Ja, ein kan neste kalle det eit personleg paradigmeskifte. Og eg har tittelen min klar.

– «Personleg paradigmeskifte»? spør Andersen då fortel om ideen min.

– Har du tenkt å kalle intervjuet det? Paradigmeskifte er ikkje eit godt tittelord. Du kan ikkje ha eit framandord i ein tittel, og han har veldig liten stopp-effekt, seier Andersen.

Å KUNNE SKRIVE FRITT Det er skummelt å intervju nokon som i mange år var journalist i Dagbladet. Særleg når vedkommande

» UNN CONRADI ANDERSEN

► Forskar, forfattar og sosiolog

► Aktuell med romanen *Alt uavklart*

har skrive ei bok der ho freistar å utfordre stereotypiar og pille på vedtekte sanningar. Det er fort å avsløre seg sjølv som like ignorant som majoritetssamfunnet elles.

Men Andersen er raus og imøtekommande, og seier at ho skal prøve å formulere seg slik at det skal bli lett for meg å skrive ut intervjuet etterpå. Men ho er ikkje journalist lenger. Etter femten år i Dagbladet, vart ho sosiolog og arbeidde med kjønn og normer. Og etter nokre år som akademikar har ho no blitt romanforfattar. Ho måtte ha eit rom som ikkje var avgrensa. Ikkje av form og ikkje av innhald.

– Då eg var journalist, visste eg alltid kvar grensa gjekk for kva eg kunne skrive utan å gjere det vanskeleg for lesaren. Difor heldt eg meg midt i gata, og godt innanfor. I det akademiske miljøet er det også

klåre sjangerkrav, det skal skrivast på engelsk, teksten skal kunne etterprøvast og metoden skal vere synleg. Språket vart veldig disiplinert. Men ut av desse strenge sjangerkrava kom det ein lekkasje av eit anna språk, og den lekkasjen har blitt til denne romanen. Her har eg gitt meg sjølv løyve til å skrive akkurat det eg vil. Torunn skulle få lov til å bli akkurat slik ho ville. Dette har vore utruleg frigjerande.

IKKJE «KOME-UT-AV-SKÅPET»-BOK

– Eg har vore oppteken av spørsmål om kjønn, og eg kjende at i ein roman ville eg kome til tematikken på ein litt annan måte. Hovudpersonen min er ein kompleks person, med samansette eigenskapar, eigenskapar som ein vanlegvis knyter anten til menn eller til kvinner. Ho er aggressiv og sint, og ho er mjuk og omsorgsfull. Alt for å gje henne ein kompleks kjønnsidentitet. Og det er ikkje tilfeldig at ho heiter Torunn.

– Så tematikken kom til deg fyrst?

– Alt skjer i skrivninga. Ein kan skrive komplekse saker om ein berre kjem i gang, og slik var det også her. Eg har jo halde på med denne boka i fem år, så det har vore eit omfattande arbeid med teksten.

– Det er ein ørliten del 2 til slutt. Var han eit resultat av dette arbeidet?

– Ja, det er han nok. Han er der av di eg ikkje ville skrive ein «kome-ut-av-skåpet»-roman. Eitt av poenga med boka er å problematisere kjønnskategoriar, og det er eg glad for at fleire av bokmeldarane har skjønna. Eg ynskte å utfordre stigma og fordommar, og om det då skulle enda med at Torunn blir saman med ei dame, så ville eg risikere at bokmeldingane vart heitande «Velukka kome-ut-av-skåpet-roman» eller «Middels vellukka kome-ut-av-

Når uvisse øydelegg ven

INGER JOHANNE SÆTERBAKK har gitt ut bok om nerden Johanna som vel vekk vennskap for å kunne imponere dei ho eigentleg ikkje likar.

– Eg tenkjer at det er ei bok som tek for seg det store vennskapet. Det handlar om å stole på seg sjølv

i møte med omgivnader som ein ikkje heilt forstår, seier forfattar Inger Johanne Sæterbakk som tidlegare i haust gav ut ungdomsromanen 1000 dagar.

Boka handlar om Johanna og bestevenen Georg, som byrjar på ungdomsskulen og tek ein pause frå vennskapet sitt.

– Ungdomsbøker handlar ofte om forelsking. Eg ville heller skrive om vennskap, fordi dei gode vennskapa er så viktige for å kjenne seg trygg i den litt urolege tida ung-

Inger Johanne Sæterbakk med den ferske ungdomsboka.

Foto Kjell Åsmund Sunde/ NPK





Fridom: – Eg har gitt meg sjølv løyve til å skrive akkurat det eg vil. Torunn skulle få lov til å bli akkurat slik ho ville.

Foto: Agnete Bruun.

skåpet-roman», alt etter som. Det ville eg ikkje at det skulle vere. Så eg har rota det til fleire gonger for nett å unngå dette. Difor kom eg på at Torunn kunne få møte ein mann og få kjensler for han, og det vart så denne delen til slutt.

HAMNE UTANFOR MAJORITETEN – No snakkar me mykje om kjønn, men det er nok av problemstillingar i boka.

– Ja, det er vel ein klassisk debutroman, der ein kjenner at det er ganske mykje ein skulle ha sagt.

Samstundes klarer nok lesarane å sjå at alt dette heng i saman. Denne historia frå krigen og farfaren min som røysta NS var ein av motorane i arbeidet. Skal ein skrive ein roman, må ein vere nyfiken. Og eg var nyfiken på denne historia. Å vere NS-born har lenge vore eit stigma, på same måten som det å ha ei anna legning. Det er moglegvis ei dryg samanlikning, men for meg handlar det om korleis majoritets-samfunnet ynskjer at ein skal stå fram. Stå fram? Kvifor skal det vere eit mål? Er det for at majoriteten

skal vise storsinn og akseptere deg? Eg er ikkje interessert i den aksepten, og eg trur ikkje far var så interessert i det heller. Ein slik aksept har ein tendens til å låse den som blir akseptert, i ein underordna posisjon. Det ligg mykje makt i å tolerere andre.

– Med andre ord handlar dette om å stå utanfor?

– Torunn har i utgangspunktet alle privilegium. Ho har kjempegod jobb, har ein kjærast og ei fin leilegheit. I løpet av boka hamnar ho på utsida, og det er i utgangspunktet

ein nedtur. Men ved å stå på utsida, får ho eit anna perspektiv, ho ser ting på andre måtar. Mot slutten har denne usympatiske Torunn utvikla litt meir medkjensle og har fått ei betre evne til å setje seg inn i andre sine liv og val. Det er ein verdi, seier Andersen.

Nokre dagar seinare har ho fått lese gjennom intervjuet og tenkt seg om. «Og no ser eg det heilt klart: tittelen din står jo som ei kule. Ein skal ikkje undervurdere lesaren heller.»

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

nskap

domstida er, fortel Sæterbakk.

Boka byrjar med at katten til Johanna og katten til Georg parar seg. Dette synest Georg er fascinerande, medan Johanna berre synest det er ekkelt. Etter at Georg fortel heile klassen om hendinga, får Johanna nok. Ho bestemmer seg for å ta ein 1000 dagar lang pause frå vennskapet med Georg.

– 1000 dagar speglar òg sinnstemninga ein er i når ein er ung. Stemning og status endrar seg frå friminutt til friminutt. Kjenslene er

brutale og alt kjennest stort uansett kor smått det eigentleg er. Difor kan det som eigentleg er kort tid, kjennast som veldig lang tid, fortel forfatter Sæterbakk.

Hovudpersonen i romanen, Johanna, går i store delar av romanen rundt og kjenner på uro og uvisse. Ho føler at ho er den einaste som ikkje passar inn. Ho er redd for å ikkje bli likt av dei «kule» i klassen, sjølv om ho eigentleg ikkje likar dei.

– Den same uvisse, som Johanna

møter, kjenner ein på fleire gonger opp gjennom livet. Men den er nok ekstra sterk i ungdomsskulestadiet når ein ikkje har mengdetrening på å takle det. Eg fekk spørsmål, frå ei 13 år gammal jente, om eg nokre gonger kjenner på den same uvisse, og det gjer eg heile tida. Eg er berre blitt betre på å takle det. Johanna kompliserer eit fint liv fordi ho sluttar å stole på seg sjølv, seier Sæterbakk.

Sæterbakk brukte eigne erfaringar og minne frå ungdomstida

i skriveprosessen, men i mindre grad enn ho i utgangspunktet hadde trudd.

– Det var nokon som spurde meg korleis eg kunne skrive for barn og unge sidan eg ikkje har barn sjølv. Eg syntest det var eit teit spørsmål. Det handlar ikkje om å ha barn, det handlar om at ein har vore barn. Den største utfordringa har vore å finne tilbake til den naive tankegangen frå den tida.

KJELL ÅSMUND SUNDE
NPK

Valfridom er ein viktig premiss i norsk rettskriving. Men det er interne reglar og private **husnormer** som styrer utviklinga av norsk språk.

Dei mektige husnormene

– **EG SYNEST** at dei som tviheld på ei veldig streng språknorm i ein digital tidsalder, misser noko. Dette trur eg difor ikkje mange reagerer på. Dei reaksjonane eg har fått, har vore positive.

I år braut redaktør Gard Steiro det seigliva nynorskforbodet i *Verdens Gang*. Han opna opp for bruk av nynorsk på redaksjonell plass, og vart i haust heidra med både éin og to prisar for det.

– Avgjerda er teken, og den står eg ved. Eg treng ikkje ein pris for å halda fast på det. Dette var ei viktig avgjerd for VG, og vi kjem til å halda fram med den same linja vi har i dag, sa Steiro.

Det er mange måtar å skriva rett på. Valfridomen er stor i norsk rettskriving. I nynorsken er dette ein del av det ideologiske grunnlaget: Nynorsken er basert på eit mangfald av dialektar, og valfridomen gjer det mogleg å skriva noko som liknar talemålet. Difor vil kvart forsøk på å gjera mangfaldet mindre bli møtt med krasse reaksjonar. Dels frå dei som mister skrivemåtar som dei er vane med, dels frå dei som meiner at nynorsk utan valfridom er ei sjølvmotseiing.

Det er likevel ikkje alltid ein kan skriva som ein sjølv vil. Skil fleire skriva på same tekst, er det greitt at alle veit om det er –e eller –a-infinitiv som skal nyttast. Skil tekstane stå i ein samanheng, kan det også vera praktisk å vita om det vi eller me som blir nytta i dei andre tekstane. Stundom kan budskapen vera viktigare enn ordvala, og det kan vera fint å ha ei rettesnor for ord og seiemåtar som ein skal unngå. Grunnane kan vera mange. Det er då ein etablerer ei eiga norm, ei såkalla husnorm.

– Me har ei bokmålsnorm med vedtekne former, fortel Mari Skurdal, redaksjonssjef i *Klassikampen*.

– Det gjer arbeidet lettare for desken og kan også vera nyttig for journalistane sjølve. Det er ikkje alle som er like trygge og heller ikkje like opptekne av å ha ei eiga form. Med nynorsk har vi vore meir opne. Årsaka er at historisk sett har fleire av nynorskjournalistane våre vore svært språkmedvitne og opptekne av å halda på si form. Difor lèt me det meste stå, så lenge det er rett nynorsk. Det er difor valfritt om dei skal skriva «me» eller «vi», fortel Skurdal.

VALFRIDOM Det er det også for journalistane i *Dag og Tid*. Her går valfridomen lenger.

– Me har mange skribentar som er opptekne av kva som er god nynorsk, og dei skal få lov til å

skriva slik dei meiner nynorsken skal vera – innanfor norma, seier Svein Gjerdåker, redaktør i *Dag og Tid*.

– Vi fylgjer heller ikkje norma heilt til punkt og prikke. Nokre få ord som ikkje står i den nye ordboka, lèt vi passera – som til dømes «sjølvaste» og «daning» med ein n for dei som ynskjer det. Me som redaksjon skal vera språkleg rause og liberale, og me skal ikkje fortelja folk korleis dei skal skriva innanfor den vedtekne norma. Det er klart at det ville vore enklare for oss om alle skreiv heilt likt, ikkje minst for desken og korrekturlesaren. Men me må kunna halda orden og ha kunnskap nok til å takla alle dei ulike variantane, seier Gjerdåker.

Han seier at han godt kunne ha levd med ei strammare norm, men ikkje no.

– Personleg ser eg klare føremøner ved ei stram norm, til dømes for skuleelevar og for bokmålsfolk som skal skriva nynorsk. All valfridomen er krevjande. I tillegg er nynorsk krevjande i seg sjølv for dei som ikkje nyttar språket dagleg. Men lang røynsle i *Dag og Tid* har overtydd meg om at det er vanskeleg å få til. Så når me fyrst har denne vide norma, må det vera fritt fram å nytta mangfaldet i ho.

Han meiner at husnormene ofte er laga av nokre få personar som slumpar til å sitja med den makta, og at det då blir deira personlege haldningar som kjem til uttrykk.

– Då ryk kanskje «fyrst», og «først» vert det einaste som er lov. Eller «lys» og ikkje «ljøs» – eit vakkert nynorskord. Mi kjensle er dessutan at slike husnormer ofte legg seg opp til den friksjonsfrie nynorsken – altså den meir bokmåls-



Rause: – Me som redaksjon skal vera språkleg rause og liberale, seier Svein Gjerdåker, redaktør i *Dag og Tid*.

Foto: Johan Brox

“ Lang røynsle i Dag og Tid har overttydd meg om at det er vanskeleg å få til. Så når me fyrst har denne vide norma, må det vera fritt fram å nytta mangfaldet i ho.

Svein gjerdåker, redaktør i Dag og Tid

nære nynorsken – der ein nyttar «erfaring» og ikkje «røynsle», «ekspropriering» og ikkje «oreiging». Det er dumt. Eit mangfald er betre, seier Gjerdåker.

Men Dag og Tid skil seg ut.

NYNORSK I ARTIKLAR OM DISTRIKTET

Språkrettleiaren i Bergens Tidende seier at nynorsken skal leva i avisa, og at ho skal vera språkleg liberal. Men ein stad går grensa: «Brukere av begge målformer må likevel føle en forpliktelse til å unngå situasjoner der den valgte målformen kolliderer med innholdet i det man skriver. Det skal være regelen at saker knyttet til byens tradisjoner og historie skrives på bokmål, mens tilsvarende saker fra distriktet skrives på nynorsk.» Bergen er seg sjølv lik. Men stundom er grunngjevinga verre å forstå.

For nokre år sidan var Dagsavisen invitert til ein paneldebatt om nynorsk i media. Dåverande redaktør Kjell-Erik Kallset var usikker på kva reglar dei egentleg hadde i avisa. Cathrine Sandnes hadde vore kulturredaktør nokre år, og hadde opna opp for nynorsk på kultursidene. Kallset tok difor spørsmålet opp på eit leiarmøte i avisa. Der vart konklusjonen at det Sandnes hadde sagt var greitt, ikkje var greitt likevel. Så no skulle det vera slutt på nynorsk på redaksjonell plass, det skulle berre vera lov i kommentarstoff, og t.d. i Roald Helgheim si faste side om jazz. Leiargruppa i Dagsavisen rekna med at lesarane ville takla nynorsk berre om det ikkje vart for mykje av det.

Elle-redaktør Signy Fardal var på same møte. Ho var også usikker på kva reglar som motemagasinet hadde. Men etter ei rask vurdering konkluderte ho med at det ikkje fanst grunner for at det ikkje skulle vera lov å skriva nynorsk i bladet hennar. Og det kom det fleire døme på i åra som følgde.

MÅLPOLITISKE GRUNNAR Difor er det ikkje berre praktiske grunnar for å ha ei husnorm. Bak eit litt diffust argument om at ein ynskjer å ha eit einskapleg uttrykk, kan det liggja kraftige målpolitiske grunnar. Husreglane i Aftenposten er alle husnormer si mor. Få private skrivereglar har sett like store spor etter seg. Under krigen var det lov å skriva «heim» og «snø» i avisa. Men då striden om samnorsk blussa opp, heiste Aftenposten riksmålsfana, og dei tok i bruk Riksmålsordlisten som vart normert av Det Norske Akademi. Fana vart heist så høgt at det fyrst langt ut på 90-talet vart slutt på å bruka «sprog» og «efter». Etter ein

periode med mindre klåre reglar, og det dei sjølve kalla «moderat bokmål», vart det i 2006 igjen stramma inn. Journalist Ole Nygaard og riksmålsmann Tor Guttu laga då Aftenpostens rettskrivningsordliste, som Kunnskapsforlaget enda opp med å gje ut som oppslagsverk.

I samband med lanseringa sa journalist Nygaard at «Aftenpostens prinsipper ligner på dem man følger i andre land. Også Sverige, Frankrike, Tyskland har dialekter som knapt er forståelige for folk fra andre landsdeler, men skriftspråket er homogent. Valgfrihet er vanskelig å håndtere og det blir mye rart språk av det.» Han tok seinare til orde for alle avisene burde einast om ei sams norm. Innlegget opna med brannfakkelen «Det har ingen hensikt å ta opp pressens og andre store språkbrukeres normeringsproblemer med Språkrådet. Rådet ser det ikke som sin oppgave å skape et konsekvent språk.»

Nygaard fekk svar på tiltale. Helge J. Dyvik, dåverande leiar i Språkrådets fagråd for normering, svara at bokmålet hadde blitt stramma inn, at tilnærmingformer hadde blitt tekne ut og at Språkrådet følgde med på kva språk som vart nytta. «(...) Hvis Nygaard og hans kollegers bestrebelser skulle føre til at vi på lengre sikt får et strammere formutvalg i det faktiske skriftspråket enn vi har i dag, er dette noe Språkrådets normeringsarbeid åpenbart må ta hensyn til når den tid kommer.»

For Språkrådet legg bruk til grunn i normeringsarbeidet sitt. Då Rettskrivingsnemnda for nynorsk la fram arbeidet sitt i 2011, var bruk det viktigaste argumentet. Til og med punktet om at «Nynorsken skal normerast på eigen grunn» tolka dei til at ei ny norm skulle byggjast på gjeldande rettskriving. Ein kunne ikkje setja strek over korleis nynorsken har sett ut dei siste sytti åra.

Hovudkjelda for arbeidet var Det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo. Då styresmaktene gav Norsk Ordbok dei rammevilkåra dei trong for å bli ferdige til 2014, fekk også korpuset påfyll. Tre fjerdedelar av tilfanget har kome til etter 2000. Det var difor for det meste ferskvare normeringsnemnda kunne forska i.

Å samla all skriven tekst i eit korpus er ein våt draum, men er i praksis umogleg. Difor er tekstane som utgjør korpuset, tekstar som alt er offentlege. Tilfanget som kom til etter 2000, var i all hovudsak frå tre kjelder: nynorskaviser, statlege dokument, skriv frå nokre fylke, tekstar frå ei handfull kommunar og ti årgangar av artiklar frå

“ Dei tilsette i departementa blei bedne om å skriva ein «moderat» nynorsk og unngå å bruka dei særaste orda.

Oda Malmin, som har skrive masteroppgåva «Normer og former i statsforvaltninga»

Nynorsk Pressekontor. I tillegg blir det meste frå Samlaget inkludert i korpuset. I stort mon blir difor normeringa av nynorsk gjort på bakgrunn av tekstar som er skrivne innanfor ei privat norm.

BOMÅLSNÆRE DEPARTEMENT I vår vart Oda Malmin endeleg ferdig med masteroppgåva si, «Normer og former i statsforvaltninga». Målet var å finna ut kva nynorsk det offentlege held seg med.

Basert på dei funna eg gjorde, så sit eg med eit inntrykk av at departementa nok har ei eller anna husnorm, fortel Malmin.

– Eg fekk tilsendt fråsegner, og i eit par tilfelle dokument med retningslinjer og råd, om korleis ein skulle skriva. Men akkurat kva status desse retningslinjene har, og kven som har utarbeidd dei, er meir diffust. Det kan fort henda at det er ein eller annan som har hatt klåre meningar om dette, og som difor har fått jobben med å utforma dei, eller at dei er kopierte frå liknande normskriv i pressa, seier ho.

Det vart difor uråd å vita sikkert kva som styrer nynorskbruken i departementa.

– Sidan eg fann få og ingen døme på ei slik grunngeving, må eg gjera ei tolking. Fråsegnene frå departementa synte at dei tilsette blei bedne om å skriva ein «moderat» nynorsk og unngå å bruka dei særaste orda. Fleire rapporterte at dei la seg så tett opp til bokmålet som råd er. Eg trur ein del av årsaka kan vera omsynet til mottakaren. Dei er redde for ikkje å bli forstått, dei er redde for at val av ord skal forstyrre innhaldet. Difor vel dei ein såkalla nøytralitetsstrategi. Dei skriv så nøytralt dei kan, slik at språket ikkje skal

forstyrre innhaldet. Og nøytralt vil altså ofte seia nært bokmålet, seier Malmin.

Det var likevel eitt ljospunkt.

– I stor grad er det bokmålsnære former som dominerer, men med viktige unntak: Det er ei handfull ord som held stand, sjølv om det finst bokmålsnære alternativ. «Medan» er mykje meir brukt enn «mens», og «mye» fann eg knapt i det heile. I utgangspunktet kunne det vore eit godt samnorskord, men det har altså ikkje slått i gjenom. Og øy-diftongane held stand. Ein kan kalla ein del av desse orda for symbolord eller signalord, og at dei har fått ein slik status, er veldig interessant. Det er merkeleg at desse orda er greitt å nytta, medan «me» og a-infinitiv blir sett på som støy i ein tekst.

Malmin vart uroa over funna. Ho meiner at sidan dei tilsette i forvaltninga har såpass lett tilgang til språkleg hjelp, så burde det ikkje vore noko problem å skriva god nynorsk. Men det er ikkje der skoen trykkjer.

– Frå eit mål-perspektiv/nynorskbrukar-perspektiv vart eg litt uroa over funna. Det er ingen som har så god og lett tilgang på kunnig hjelp som dei som arbeider i forvaltninga, det er berre å ringja Språkrådet. Det står i lova at ein skal tilsetja folk som har kompetanse i både målformene, og har dei ikkje det, så skal arbeidsleiar gje dei den naudsynte opplæringa. Det er eit krav som

ikkje ser ut til å bli teke på særleg alvor. Mange tilsette har lite medvit om dette med nynorsk, og det er nedslåande når ein går attende til gamle ordskifte i Stortinget: Dei handlar om akkurat dei same problema. Og no, som då, er løysinga at det må haldningsendringar til. Då blir ein litt oppgitt. Dette manglande medvitet gjer ein motlaus. Det er viktig å påpeika at dette er eit leiaransvar, det er ikkje dei tilsette sin feil at dei ikkje får den opplæringa dei har krav på, meiner Malmin.

– Materialet eg har sett på, utgjer berre ein liten del av korpuset, om lag éin prosent. Det er også relativt få som les det meste av dette, det er helst folk i Stortinget og rundt om i departementa. Men rundt der igjen er det mange folk som arbeider meir utoverretta, og det er klårt at dei ser på det som kjem frå departementa, som eit språkleg førebilete. Og då finn ein nynorsk som er skriven ut i frå ei smal og kanskje litt tilfeldig norm, ei norm innanfor læreboknormalen. 2012-norma er laga på bakgrunn av bruk, men det er ikkje ein fri bruk. I allfall delar av han er ganske styrt, ettersom slike normer finst både i forlaga, departementa og pressa, seier ho.

DIGITAL NORMERING Tidlegare i haust disputerte Stig Jarle Helset med avhandlinga “Norm og røyndom – Ein statistisk studie av operative normer i det nynorske skriftspråket”. Oppgåva



Uroa: – Dette manglande medvitet gjer ein motlaus, seier Oda Malmin.

Foto: Bernt Sonvisen/AP



er ei gransking av kva nynorskord som blir mest nytta. I ein forstudie såg Helset på kva språk norske aviser held seg med. No var granskinga utvida til å gjelda materiale frå nynorskorpuset og ikkje minst ei brukarundersøking. Han fann at dei fleste brukte moderate til svakt radikale (bokmålsnære) former. Det fekk Helset til å konkludera med at ein såkalla midtlinjenynorsk ville vera det logiske.

«Når vi samstundes veit at den offisielle norske språkpolitikken tilseier at ein skal basere normeringa av det nynorske skriftspråket nettopp på slike normberande tekstar som ligg til grunn for denne studien, er det klart at også funna i denne granskinga talar for ei normering i retning av det som har blitt omtala som midtlinjenynorsk – slik vi har sett at mange andre også har tatt til orde for.»

Ei av avisene Helset har sett på, er Sogn Avis. Husnorma deira seier at journalistane skal skriva «me» og nytta a-infinitiv. Då Helset spurde om skrivereglane, svara redaktør Jan Inge Fardal at journalistane også nytta Tansa (TekstANalySator). Det er eit rettskrivingsprogram som vart utvikla av Sigmund Fossum, som tidlegare var korrektursjef i Verdens Gang, og sonen Nils-Rune Fossum. Tansa blir nytta av dei fleste dagsavisene i Noreg. Programmet rettar ikkje berre skrivefeil, men kan òg hjelpa deg med å skriva klårt. Sjølv

om det til ein viss grad er råd å leggja inn eigne ord og former, så finst det ein standard som nokon i selskapet har laga. Programmet vil t.d. ha deg til å skriva «følgja» og ikkje «fylgja». Ein stad i Tansa-systemet sit det det nokon og lagar ei norm for svært mange journalistar. Ei norm som kan få fylgjer for framtidige nynorsk- og bokmålsnormer.

VALFRIDOMEN LIGG FAST – Me har ikkje noko stort oversyn over kva husnormer som finst, seier Daniel Ims, som er seksjonsleiar for språkrokt og språkrådgiving i Språkrådet.

– Me sit med eit inntrykk av at det finst fleire husnormer for bokmål enn for nynorsk, men me sjølve får nok oftare spørsmål som gjeld nynorsk husnorm. Me blir stundom spurde om me kan laga ei husnorm, men det kan me sjølv sagt ikkje. Det einaste me kan hjelpa til med, er å laga ei liste med råd om å vera konsekvent i val av typen «vi» eller «me», former med eller utan -j- i verb og substantiv og a- eller e-infinitiv, seier Ims.

Han fortel at Språkrådet er klår over at innhaldet i nynorskorpuset har sine avgrensingar, og at mykje av innhaldet har vore innoom ei eller anna husnorm.

– Det er ei kjend utfordring, og 2012-nemnda var klår over dette. Dei søkte om å få nytta

“ Den einaste staden der ei stram husnorm kan ha ein legitim funksjon, er om nokon skal skriva på vegner av ein annan person, t.d. ein minister.

Daniel Ims, seksjonsleiar
i Språkrådet



Andre kjelder: – Elevtekstar kunne ha gitt oss nyttig informasjon om korleis unge skriv, seier Daniel Ims i Språkrådet.

Foto: Moment Studio

elevtekstar i arbeidet sitt, men fekk avslag på søknaden. Elevtekstar kunne ha gitt oss nyttig informasjon om korleis unge skriv, særleg om me hadde gjort det over tid. Me kunne også ha fått eit inntrykk av korleis dei som har nynorsk som hovudmål, skriv. Det er ikkje til å koma i frå at dei fleste som skriv nynorsk i forvaltninga, har hatt bokmål som hovudmål.

Han meiner at det å halda seg med ei husnorm kan vera problematisk.

– Om det grip inn i den vedtekne rettskrivinga. Utgangspunktet må vera at folk må skriva som dei sjølve vil. Den einaste staden der ei stram husnorm kan ha ein legitim funksjon, er om nokon skal skriva på vegner av ein annan person, t.d. ein minister. Ein minister kan ha eit ynske om å bruka særlege former når ein tekst kjem frå henne. Då kan det vera nyttig med eit oversyn over kva former det i så fall er snakk om. Ein vanleg rådgjevar skal derimot få skriva som han sjølv vil, med eit mogleg unntak i fagord og termar som kan vera standardiserte. Den overordna føringa i normeringsarbeidet er at det skal vera stabilitet, og det gjeld både for bokmål og nynorsk. I dei gjeldande rettskrivingane er det stor valfridom, og den skal det særlege grunnar til for å leggja til sides.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Dobbel heider til VG og Gard Steiro

Gard Steiro har i løpet av hausten både fått Målprisen 2017 frå Noregs Mållag og Nynorsk redaktørpris for 2017.

– Målprisen er den største prisen vi i Noregs Mållag deler ut. Den går til ein person eller ein institusjon som har gjort ein særleg innsats for nynorsken. Det er veldig stas for oss å få lov å dele ut denne prisen, sa mållagsleiar Magne Aasbrenn.

– Eg må først seie at det er ei stor ære å vinne ein slik pris. Samstundes ser eg på lista over tidlegare prisvinnarar at det er mange som har gjort mykje meir for nynorsken enn det eg og VG har gjort, takka Steiro.

HAR OPNA DØRA Steiro og VG vann mellom anna prisen for å ha opna opp for nynorsken på redaksjonell plass.

– Etter at Gard Steiro overtok redaktørstolen i VG, har det blitt ei oppmjuking av språket. Journalistane kan no bruke nynorsk der det er naturleg. Han har med andre ord sett døra på gløtt for nynorsk i VG, fortalde Aasbrenn.

– Vi har mjukna opp nynorsklinja fordi vi skal vere ei avis for heile folket. Då er det underleg med eit forbod mot nynorsk, svara Steiro.

– Det er ein lang strid som ligg i botnen for prisutdelinga i år. For ti år sidan samla vi inn over 36.000 underskrifter for å sikre nynorsk i VG og Dagbladet. Det har vore drypp av nynorsk i VG tidlegare, men no ser vi det på redaksjonell plass og det er nytt, sa Aasbrenn.

Steiro fortel at oppmjukinga ikkje var eit resultat av ytre press.

– Oppmjukinga kjem som eit resultat av vurderingar vi har gjort internt. Ikkje som resultat av press frå Mållaget eller andre, sa han.

Prisen blei delt ut i samband med nynorsk motivasjonsdag for lærarar frå Oslo og Akershus.

– Det at nynorsken får plass i VG trur, eg heilt klart er med på å motivere denne gruppa, sa mållagsleiar Aasbrenn.

PRISGROSSIST – Eg hadde ikkje trudd det var i VG eg skulle bli prisgrossist innanfor nynorsk, seier Steiro til Nynorsk pressekontor då han nokre veker seinare også fekk Nynorsk redaktørpris 2017.

Under takketalen fortalde han at han i Bergens Tidende tidlegare har stått på for nynorsken i 15 år utan å få så mykje som eit julekort frå Mållaget.

Det var under haustmøtet til Norsk Redaktørforening i Bergen at Steiro fekk tildelt Nynorsk redaktørpris av leiar i Mediemållaget Berit Rekve. I grunngevinga heiter det at det å opne for nynorsk på redaksjonell plass i VG er ei historisk vending.

– VIKTIG SIGNAL Mediemållaget meiner Gard Steiro har eit respektfullt og inkluderande syn på lesaren og ser det i samheng med at VG skal vere ei avis for heile folket. Organisasjonen strekar under at det ikkje minst for barn og unge er viktig å møte aksept for språket sitt i store media.

Steiro synest det er hyggjeleg at han og VG blir sett pris på, men legg til at han synest det er mange fleire som har gjort mykje meir for nynorsken enn både han og VG har gjort.

– Men når vi har teke det valet vi har gjort, og det blir oppfatta som viktig, synest eg det er fint. Det set eg pris på.

– Føler du prisane forpliktar?

– Nei, det føler eg ikkje. Den avgjerda er teken og den står eg ved. Eg treng ikkje ein pris for å halde fast på det. Dette var ei viktig avgjerd for VG, og vi kjem til å halde fram med den same linja vi har i dag. Blant dei 1,5 millionane som besøkjer oss på mobilen kvar dag, er det mange nynorskbrukarar. Dei skal vi vise respekt, sa Steiro.

(NPK)

Viktig: – Når vi har teke det valet vi har gjort, og det blir oppfatta som viktig, synest eg det er fint, seier Gard Steiro.

Foto: Kjartan Helleve

Å laga g

Få hadde tru på at ein tv-serie om to anleggskarar i Hardangerfjorden kunne verta noko interessant. Serieskapar **Hildegunn Wærness** var skråsikker.

TV-kanalane jaktar heile tida på nye konsept. Ein skal ikkje bla for mykje i kanallista før ein vert overraska over kva dei har klart å koka suppe på. Fjorden Cowboys kunne fort ha vorte plassert i den same gryta. To raringar frå Sørkjosen som skyt med dynamitt og er glade i damer. Ja ja, sikkert gøy det, men ikkje akkurat noko for meg.

Men suksessen kan ikkje forkla- rast på anna vis enn at publikum har sett noko meir. Boka om Lothepus sel i bytter og spann, og noko av grunnen er at ho er meir enn røvarhistorier og sjølvskryt. For når kruttrøyken har lagt seg, handlar både boka og tv-serien om ein type folk som ein ikkje har høyrte så mykje om. Folk som ein vanlegvis ikkje ville ha invitert om bord i båten, folk ein har sett på som litt skumle, men som når det kjem til stykket, syner seg som bra folk.

MAGISK REALISME Dette var heile vegen målet for serieskapar Hildegunn Wærness. For ti år sidan hadde ho sommarjobb på Jondal Gjestgjevarstad. Ho hadde studert film i Stockholm, skulle vidare til registudium i Buenos Aires og hadde mykje vener og slekt i Hardanger. Ho hadde med seg eit kamera, og i ledige stunder sprang ho rundt og filma gamle «sjøulkar og sjørøverar». Det slo henne at det desse menneska fortalde og den kulturen dei representerte, er heilt usynleg i populærkulturen. Då ho flytte til Argentina, vart det tydelegare for henne kva desse menneska hadde hatt å seia for utviklinga hennar, kva verdi det låg i dette miljøet. Ho fekk lyst til å formidla noko.

– Eg var ikkje sikker på kva det skulle verta, om det var ein film, ein tv-serie eller ei bok. Men i Buenos Aires vart eg heile tida spurt om

Noreg og norsk kultur, og eg tok meg i å reflektera over kvar eg kjem i frå og kva det er som har forma meg. I Sør-Amerika står magisk realisme sterkt, dei er stolte over kulturen sin, særstrekka og historia si. Etter kvart vart det tydelegare for meg kor viktig desse folka har vore i oppveksten min, og eg vart overtydd om at eg ville fortelja historia deira, fortel Wærness.

Vel heime i Noreg prøvde ho å få ein av tv-kanalane til å hoppa på ideen, men det var lettare sagt enn gjort. Ho var open for at det kunne verta kva som helst, om det så skulle verta ein sjølvstendig dokumentarfilm. Men ingen hoppa i taket. Tilbakemeldingane varierte frå at dette var altfor langt ute, til at det fungerte som tekst, men ikkje kunne verta noko for fjernsyn. To år skulle det ta før TV2 endeleg slo til.

BUTCH CASSIDY

OG SUNDANCE KID I løpet av denne prosessen forstod Wærness korleis ho skulle få dette materialet til å verta ein tv-serie.

Ho såg til Sverige og til USA for å finna inspirasjon, og løysinga var å tenkja på det som ein fiksjonsfilm.

– Det skulle verta ein slags kompisfilm, fortel Wærness.

– Tenk Butch Cassidy og Sundance Kid, eller Tintin og Kaptein Haddock. Korleis kunne eg få Joar og Leif Einar til å passa inn i noko slikt? Så eg skreiv ein omfattande biografi på bae to, der eg la vekt på dei karaktertrekka som ville vera nyttige i ei slik forteljing, og som kunne nyttast til å laga ein dynamikk mellom dei. Og dermed hadde eg løysinga. Fjorden Cowboys er Leif Arne og Joar ut på nye eventyr, seier Wærness.

At serien skulle handla mest om desse to, handla ikkje berre kompis-sporet, men også at dei i seg sjølve var interessante karakterar.

– Det er nyttig å finna nokon som er uferdige, nokon som kan utvikla seg. Om dei er statiske, så vert det inga reise. Og sjølv om Leif Einar var kjend, så var det ikkje slik at alle tykte musikken hans var fantastisk. Så folk i fjorden var usikre på om eg skulle gjera narr av han. Men eg gjer då ikkje narr av folk eg er glad i! Men det var ein viss skepsis, ja. Eg sa til Leif Einar at han hadde mykje fint i seg, at han ikkje treng å tulla heile tida. «Du er

“ Me var kanskje ikkje eit normalt filmteam, då det sosiale blanda seg inn i det profesjonelle.

Hildegunn Wærness



ull av gråstein



Dører som opnar seg: – Då me ville laga denne serien, stanga me lenge mot stengde dører. No står døra på vidt gap, seier Hildegunn Wærness. Foto: Ragnhild Sørheim

fin også når du er alvorleg», sa eg. Han er ein super karakter, og det er Joar òg.

DET SÅRBARE MÅTTE MED

Dermed kunne ho skriva manus til dei ti fyrste episodane, og laga ein plan for kva som skulle henda i dei ulike episodane. Ho snakka med Joar og Leif Arne om kva planar dei hadde frametter og kunne velja seg kvardagssyslar som det kunne vera nyttig å vera med på. I tillegg vart ho stadig tipsa om det var noko særleg som skulle skje. Noko var spontant, men det meste var planlagt.

Det var inga klår grense for kva som kunne filmast.

– Det er mykje som ikkje er med. Me var kanskje ikkje eit normalt filmteam, då det sosiale blanda seg inn i det profesjonelle. Det var ikkje slik at me gjekk heim kl. 16 for å eta middag. Eg er ikkje den som legg ned kameraet, eg tek heller avgjerdene når fimen skal klyppast. Og grensa går ved at ein ikkje framstil-

ler folk på ein måte dei ikkje kjenner seg att i. Så då eg meinte meg ferdig, fekk anten dei sjølve sjå gjennom, eller kjærastane eller familien.

– Og då er kjenslevare trekk ved personane tekne med?

– Akkurat desse sårbare trekkka snakka eg mykje med dei om på førehand. Sjølv om det kunne vera sårbart å snakka om vanskelege ting, så er det menneskeleg å syna fram desse sidene. Det kan ikkje berre vera tjo og hei og moro. Ein må også syna fram det som er sårt.

– Dette er noko som også vert trekt fram i samband med boka om Lothepus?

– Det var viktig for meg, og det er det i alle ting eg gjer. Eg har sjølv kjent på kjensla av å stå på utsida. Då eg arbeidde med Leif Einar og Joar og me var på byen i Bergen, så var det mange stader me ikkje fekk lov å koma inn. Og venene mine lurte på kven desse raringane var. Folk lo litt av dei. Så målet var å syna fram det fine med desse folka, syna fram dei fine verdiane desse folka

har. Då me ville laga denne serien, stanga me lenge mot stengde dører. Det gjorde meg berre meir sikker på at eg skulle syna dei, skulle syna kva magi som ligg i denne kulturen og desse folka. No står døra på vidt gap. No er folka med glitter og spray-tan med på festen.

DØRER HAR OPNA SEG – Lothepus er veldig oppteken av å definera kva ein harding er for noko, kva verdier som høyrer heime i fjorden. Du er ikkje redd for at ikkje alle kjenner seg heime i denne definisjonen?

– Eg flytta frå Voss og rett til bi-belbeltet på Stord, noko som var eit sjokk for meg. Det å reisa på ferie til slekta i Aurland eller i Hardanger var utruleg viktig for meg, det var noko i lufta som eg trong. Det er dette miljøet eg har lyst å lyfta fram og syna fram verdien av. Om nokon meiner at denne serien skapar eit feil bilete, så får dei heller laga sin eigen tv-serie, eller på ein annan måte gå ut og heva røysta si offentleg.

– Serien rullar framleis, men du har ikkje lenger regi?

– Eg levde i årevis med dette prosjektet, og det var utruleg viktig for meg å få det til. Når det no er oppe og går og har kome ut, så har eg mista mykje av drivkrafta og overskotet for å halda på med det. Eg likar å kjempa mot stengde dører, og her er dørene vidopne. Eg er ikkje like nyfiken, og det må eg vera i prosjekta mine. Så no kastar eg meg heller inn i nye miljø og andre prosjekt, og nyttar energien min der.

– Men du har vel ei snikande kjensle av suksess?

– Sjølv sagt, det er kjempemoro. Men eg har alltid hatt veldig tru på prosjektet og var sikker på at det skulle slå an. Joar visste nok at dette kom til å verta noko, medan Leif Einar nok ikkje var heilt førebudd. Eg sa tidleg at eg skulle laga han til rikskjendis, men han berre lo av det.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Forsvinn det obligatoriske sidemålet med den obligatoriske sidemålseksamen, vil nynorsk få ein langt lågare status i Noreg. Presset mot nynorsken og nynorskbrukarane vil verta massivt. Det er ikkje skremselspropaganda når eg seier: Ryk sidemålsstilen, raknar det for nynorsk som jamstelt, allment og offisielt skriftspråk i Noreg, skriv **Knut O. Dale**.



Den viktige sidem

Blant dei stortingspoliti-
karane som var med på
vedtaket om språkleg jam-
stilling i 1885, var Hans L.
Såkvitne frå Granvin. I *Ættarbok for
Granvin* står det om Såkvitne at han
var ein «greiskoren og frittalande
mann.» I ein 17.maitale i fyrstninga
av 1890-åra sa han mellom anna:
«Her i Granvin er me mykje flinkare
til å ala krøter enn folk. Gjer me ik-
kje slutt på denne innavlen vert det
berre tullingar til slutt. Nei, gutar:
reis ut og finn dykk kjerringar!»
«Ordi vekte stor forarging», skriv
Henrik Kvalem, forfattaren av boka.

Men slik er det ikkje i dag. Me
flytter på oss, me er mobile. Ekte-
makar og sambuarar kjem frå andre
bygder eller byar, frå andre lands-
delar eller land. Frå nynorskland
flytter folk til bokmålsland, og frå
bokmålsland flytter folk til nynorsk-
land. Og så pendlar me i tillegg.

Eg er lærar i Odda, og dei siste
åra har eg hatt fire Ullensvang-
jenter med oppvekst i andre land:
Ei kom frå i Sudan, ei frå Litauen, ei
frå Tyskland og ei frå Novosibirsk
attom Uralfjella.

Eg har ein venleg og imøte-
kommande ung kollega frå
Kongsberg. Paul heiter han. Med
oppvekst i Bergstaden, men like-
vel kan han ikkje skriva nynorsk
fordi mora er engelsk, og med ei
engelsk mor slapp han sidemålet
i grunnskulen og i den vidaregå-
ande skulen.

Om sidemålet fell bort, vil me i
nynorskland møta mange Paul-ar,
mange lærarar, byråkratar og admi-
nistratorar, som ikkje kan nynorsk.
Den gode viljen overfor nynorsk
kan dei ha, men manglande dugleik
i nynorsk vil lett føra til at bokmålet
overtok: For som oftast er det bok-
målet som er dominant, som har
hegemoniet, ikkje berre i det offent-
lege rommet, men òg i næringslivet,
i marknadsrommet.

Eg snakka med Marianne Es-
pedal Boge som er leiar for
politisk sekretariat i Hå kom-
mune. I kommunen med nærare
20 000 innbyggjarar har så godt
som alle elevane opplæring på ny-
norsk, men Hå er ein språkøytral
kommune, og vanlegvis var over
50 % av dei politiske sakspapira
på bokmål. Ho sa òg at mange av
dei som arbeidde i denne store
jordbrukskommunen sør på Jæren,
kom frå Sandnes og Stavanger. Og
for desse byråkratane fall det let-
tast å skriva på bokmål. Men ho sa
òg at kommunen hadde hatt kurs i
nynorsk og at heimesida og strate-
giske planar i Hå kommune skulle
vera på nynorsk. Sjølv kom ho frå
Stavanger og skreiv ein god del på
nynorsk.

Men lettare skal det ikkje verta
om tilflytte byråkratar ikkje har fått
nynorskopplæring i grunnskulen
og den vidaregåande skulen. Ofte vil
det vera slik at folk, t.d. i kommune-

administrasjonar, arbeider i grup-
per. Då vil det verta slik at bokmåls-
brukaren, i alle fall om han ikkje har
fått opplæring på nynorsk, direkte
eller indirekte vil krevja at resten av
gruppa skal skriva på bokmål.

Odda er i dag ein språkøytral
kommune, men i inten-
sjonsavtalen mellom Odda
kommune, Ullensvang herad og
Jondal kommune står det at nynorsk
skal vera administrasjonsspråket i
storkommunen kring Folgefonna.
Det går nok bra, men nokon treng
nok eit kurs eller to i nynorsk. Odda-
rådmannen Ole Jørgen Jondahl er
alt ein habil nynorskskrivar, sjølv
om han er oppvaksen i Tyssedal,
bokmålsenklaen i Hardanger.

Og kvifor greier han seg så godt
på nynorsk? Jau, det er fordi han
hadde nynorskopplæring i grunn-
skulen og i den vidaregåande sku-
len.

I det offentlege skuleverket lærde
han seg nynorsk, sjølv om det var
sidemål for han. Få er utlærde i si-
demål/nynorsk når dei går ut or den
vidaregåande skulen, men grunn-
laget er lagt for både nynorsk- og
bokmålslevar.

Isju år var eg lærar på den
vidaregåande skulen i Vadsø.
Eg opplevde ikkje at nynorsk
var den store utfordringa for Finn-
marks-elevane. Om ein Vadsø-elev
hadde flytta til Sogn og Fjordane og

vorte tilsett på ein nynorsk barne-
skule, ville han greidd seg godt som
nynorsklærar.

Du brukte vel mykje tid på ny-
norsk? vil du spørja. Nei, det gjorde
eg ikkje, eg brukte nesten ikkje tid
på nynorsken. Eg lærde dei å retta
bøyingsfeil i verb og substantiv. Og
så las me nynorsk litteratur.

Eg vil fortelja om ei jente frå
Nesseby. Ho greidd seg godt i
både hovudmål og sidemål og på
eksamen fekk ho same karakteren
i begge skriftspråka. Året etter ho
var ferdig på vidaregåande, var ho
lærar i heimbygda. Så, ein dag på
slutten av Nesseby-året, ringde ho
meg og fortalde at ho ville ta opp att
sidemålet. Deretter spurde ho meg
om eg kunne gjeva ho gode råd før
eksamen. –Nei, det er lite eg kan
hjelpa deg med, svara eg, men les ei
nynorsk bok. Om ho gjorde det veit
eg ikkje, men ho gjekk i alle fall opp
ein karakter i sidemålet – i nynorsk.

Ei anna jente i same klassen sa:
Eg skriv betre nynorsk enn bok-
mål. Og det var rett. Mora hennar
fortalde at då dottera var lita, las ho
nynorske bøker for henne. Ho var
forresten den fyrste eleven eg førde
ut som fekk fem på begge eksa-
mensstilane.

Nei, me skal ikkje overdriva
utfordringane med å skriva
nynorsk, korkje i Finnmark
eller i Oslo. Det er ikkje slik at ny-
norsk er ein tidstjuv, det er heller



ålsstilen

slik den verbale nynorsken har ein positiv verknad på det skrivne bokmålet slik at totalrekneskapen vil gå i pluss.

Eg trur det går an å få til ei haldningsendring til nynorsk blant skuleborn: Eg trur elevar som startar med bokmål i grunnskulen, kan få eit positivt forhold til nynorsk. Alt ifrå førskulealderen kan dei verta kjende med nynorsk: Nynorsktekstar kan lesast og nynorsksongar kan syngjast. Slik kan det halda fram i barne- skulen, med lesing og synging, og litt enkel skriving. Då trur eg at motviljen mot nynorsken vil verta borte.

Og på denne måten treng ikkje nynorsk verta eit framandt språk for elevane.

Eg trur både elevar og lærarar vil sjå på dette som eit gode. Å vera tospråkleg vil vera eit gode. I Vadsø var det ei jente som gjorde det godt då ho kom opp i fransk, og sensor hadde spurt henne om ho kunne fleire språk. Jau, det stemte: - Fyrste året på vidaregåande gjekk eg på skule i Utsjok, med finsk som opplæringsmål.

Og dette er noko allment: Å kunna fleire språk er ein styrke i språklæringa.

Nynorsk og bokmål er i mangt og mykje to kvalitativt ulike skriftspråk. Og begge språka må lærast. Det gjeld syntaks, ortografi

og morfologi, eller på meir forståeleg norsk: setningsbygning, rettskriving og formverk.

Men med tidleg nynorskstart vil denne innlæringa gå meir eller mindre av seg sjølv.

Til oppsummering: Forsvinn det obligatoriske sidemålet med den obligatoriske sidemålsksamnen, vil nynorsk få ein langt lågare status i Noreg. Presset mot nynorsken og nynorskbrukarane vil verta massivt. Det er ikkje skremselspropaganda når eg seier: Ryk sidemålsstilen, raknar det for nynorsk som jamstelt, allment og offisielt skriftspråk i Noreg. Og då vil det ikkje ta lang tid før nynorsk skriftmål er ute or saga.

Dette forstod Oddny Miljeteig i 2012! Mobiliseringa hennar for sidemålsstilen gav Noregs Mållag mange nye medlemar.

Og sidan 2013 har alle landsmøta i Noregs Mållag innsett kor viktig den obligatoriske sidemålsstilen er.

Lat oss argumentera både med hovudet og med hjarta, lat oss tala og ordleggja oss slik at politikarar i alle parti forstår kva det dreier seg om. Ikkje minst må me nå fram til hjarta til folk flest. Det trengst engasjement frå målfolk og nynorskvenner. Då kan me berga sidemålsstilen!

KNUT O. DALE
knu-dale@online.no

Namnetrend som verkar mot si hensikt?

MANGE STATLEGE OG delprivatiserte verksemdar har bytt namn dei siste åra. Siste verksemd ut er Norsk senter for bygdeforskning som byter namn til Ruralis. Namnebyttet vil opne nye dører, meiner direktøren. Språkrådet trur det nye namnet vil skape forvirring.

- Vi har som prinsipp at namn bør vere så enkle som mogleg. Ruralis er døme på eit namn som seier lite eller ingenting om kva verksemda driv med. Det kunne òg vore ein musikkfestival, eit matmerke eller eit rådgivingsorgan, seier Kjetil Aasen, seniorrådgjevar i Språkrådet, til Nynorsk pressekontor.

Han fortel at namnebyttet til Ruralis føyer seg inn i ei bølge med liknande namnebyte dei siste åra.

- Det er heilt klart ein trend, og det finst mange eksempel på verksemdar som byter namn frå eit lettfatteleg til eit komplisert namn. Nokre døme er drifts- og vedlikehaldsdelen av Statens vegvesen som endra namn til Mesta, Luftfartsverket som endra namn til Avinor og mange fleire, seier Aasen.

- VIL FUNGERE BETRE INTERNASJONALT Harald Lein, som er direktør i Ruralis, peiker på to årsaker til at Norsk senter for bygdeforskning har bytt namn.

- For det første handlar det om at namnet Norsk senter for bygdeforskning ikkje famnar breitt nok til å fange opp heile fagfeltet vårt. Vi jobbar med både med bygder, lokalsamfunn og ei rekke ting knytt til dette, seier han.

I tillegg trur han det nye namnet vil fungere betre internasjonalt.

- Myndigheiter og Noregs forskingsråd forventar at ein større del av norsk forskning skal finansierast av internasjonale midlar. For eit lite institutt som Ruralis er det viktig å ha eit namn som gjer at internasjonale forskarar og forskingsinstitutt enklast mogleg finn oss og spør oss om forskingssamarbeid på rurale problemstillingar, seier Lein.

- Trur du folk intuitivt vil komme fram til kva verksemd de driv med når dei høyrer namnet?

- Eg trur folk kjenner til at rural er det motsette av urban, at det dekkjer bygd, land, distrikt, landsbygd. Vi opplever at vi må vekse i storleik, og vi meiner difor at eit namnebyte var naudsynt. Det gamle namnet sette grenser for kor store vi kunne bli, svarar Lein.

- Vårt fulle juridiske namn er RURALIS - Institutt for rural- og regionalforskning. Når vi skal bruke kortnamnet vil vi i tekst bruke forskingsstiftelsen RURALIS eller forskingsinstituttet RURALIS, legg han til.

MEINER TO NAMN ER UPROBLEMATISK Aasen og Språkrådet meiner eitt engelsk og eitt norsk namn ikkje er noko problem.



Namn bør vere så enkle som mogleg. Ruralis seier lite eller ingenting om kva verksemda driv med, seier seniorrådgjevar Kjetil Aasen i Språkrådet.

Foto: NPK

- Det er ikkje problematisk med eitt namn på engelsk og eitt på norsk. Ruralis er like uforståeleg på engelsk som på norsk. Klar betydning bør gjelde for namnet også når ein omset tittelen til engelsk, seier Aasen.

- Er det problematisk at eit nytt namn skil seg mykje frå det førre namnet?

- Vi tilrår kontinuitet i namn. Vi brukar seie at ein bør ha svært gode grunnar til å endre namn på eit foretak eller eit organ. Om ein endrar bør det så langt det lèt seg gjere, henge saman med det førre namnet, seier seniorrådgjevar Aasen.

- Det er heilt klart ein trend med denne typen namneendringar i halvstatlege/ halvprivatiserte organ. Det verkar som mange vil bort frå dei trauste, men tydelege namna, legg han til.

DYRT, MEN VANSKELEG Å TALFESTE

Kostnadane rundt eit namnebyte på ei verksemd kan vere vanskelege å talfeste, ifølgje BI-professor.

- Namneendringar kan virke litt underlege, og openbert kostar det mykje pengar både å utvikle nytt namn og logo og marknadsføre dette for å gjere det kjent i ei målgruppe, seier Lars Olsen, som er professor ved Handelshøyskolen BI.

Olsen er ikkje kjent med forskning som talfestar kostnader knytt til slike namneskifte.

- Generelt er det òg vanskeleg å seie noko om namnebyte er lurt eller ikkje. Det avheng av strategi, konkurransesituasjon og liknande. Nokre gonger kan slike byte virke meningslause frå utsida, fordi ein ikkje kjenner planar og strategiar, fortel han.

KJELL ÅSMUND SUNDE
NPK



Tradisjonell nynorsk ordbok og grammatikk

» INNLEGG

Det ser ut til at strevet med å få til eit felles norsk språk har stansa opp. Motstanden har vore sterktast frå riksmålssida i å ta opp norske ord og former i bokmålet, fram mot det som har vore kalla samnorskt. Men òg frå nynorsk-hald har det vore klaga over for mykje bokmålsord og unorske bøyingsformer i tradisjonell nynorsk. For dei sistnemnde brukarane er det no ei gledenleg melding om at ei gruppe med Arvid Langeland frå Voss som koordinator, har sett saman ei ordliste og ein minigrammatikk bygd på tradisjonell nynorsk. Gruppa har sett saman ein enkel og tydeleg nynorsk og bygd på tradisjonelle ord og bøyingsformer.

Boka kan vere ei motvekt til ein nynorsknormal som i ein del tilfelle har gått for langt i å tilnærma seg bokmålet utan at den andre leiren har synt vilje til å gjera det same som nynorsken.

Det er ei lærebok for dei som vil skriva ein konsekvent og regelfast tradisjonell nynorsk. Ordlista og grammatikken er tufta på det sjølvstendige omgrepet at nynorsk er eit eige sjølvstendig språk til liks med andre nasjonale standardspråk. Ordlista vil bøte på den forvirringa som til tider rår om korleis nynorsken skal sjå ut; og tilbyr ei einskapleg norm om korleis nynorsken skal vera og som er lett å læra. Ordlista er på om lag 38000 ord og gjev att det sentrale ordtilfanget i moderne nynorsk. Samstundes er kjerneorda i den nynorske ordskatten gjevne større plass enn det som elles er vanleg i ordlister av same omfang. Boka femner òg om ein nynorsk minigrammatikk og ei bokmål–nynorskordliste.

Ei slik lærebok har vore etterlyst og etterlengta. Det er på høg tid å få ei slik presis og instruktiv lærebok til bruk i mange offentlege kontor, i aviser, i skuleverket og i privat bruk. Det er med stor takk me ynskjer initiativtakarane til lukke med dette nyttige norsk-verket.

BIRGER RISNES

Noregs Mållag treng eit nytt skule- og norskfagprogram

» INNLEGG

På målsamlinga i Trondheim 23.09.17 sa nestleiar i Noregs Mållag Jens Kihl at norskfagprogrammet, vedteke på landsmøtet i Noregs Mållag i 2011, framleis er gjeldande språkpolitikk. Han sa òg at styret i Noregs Mållag ikkje har planar om å vedta eit nytt norskfagprogram.

Programmet frå 2011 har m.a. denne ordlyden: Vurderinga må vera gjennom eigen standpunkt-karakter eller obligatorisk eksamen, eller helst bae delar.

Utdanningsdirektoratet gjekk i 2012 inn for å ta bort sidemålsstilen,

og me trur ikkje det var heilt tilfeldig, for langt på veg gav landsmøtevedtaket i Noregs Mållag direktoratet ryggdekning for å koma med eit slikt framlegg.

Synspunktet frå landsmøtet i 2011 kom seinast til uttrykk i brevet Noregs Mållag sende til dei politiske partia i juni 2016. Sjølv om leiinga vart oppmoda om å trekkje brevet tilbake, vart det ikkje gjort.

Og sær uheldig var det at eit slikt brev vart sendt ut til partia før programarbeidet framfor stortingsvalet i 2017 starta.

Landsmøta i 2013, 2014 og 2016 oppheva indirekte med ulike vedtak dette punktet, men sidan norskfagprogrammet frå 2011 framleis gjeld, kunne leiinga i Noregs Mållag senda

eit brev til dei politiske partia der dei gav grønt ljøs for å ta bort den skriftlege sidemålsseksamen.

På landsmøtet til våren må difor Noregs Mållag vedta eit nytt skule- og norskfagprogram. Vidare må eit punkt om språkdelte ungdomsskular koma inn i programmet til Noregs Mållag.

Dette må sjølvstendige verta ei eiga sak på landsmøtet i 2018. Det gjer Odda Mållag framlegg om!

For styret i Odda Mållag samla i møte 30.oktober 2017 og samrøystes vedteke

KNUT O. DALE,
leiar
HARALD JORDAL,
skrivar

Ei sterkare sidemålsordning

» INNLEGG

Styret i Odda Mållag har bede styret i Noregs Mållag komme med framlegg om at det vert vedteke eit nytt skule- og norskfagsprogram på landsmøtet i 2018. Denne saka har styret hatt oppe til handsaming på møte fredag 3. november 2017.

Til denne saka er det å seie at norskfagsvedtaka som blei gjort på landsmøtet i 2011, var i form av ei lengre fråsegn, ikkje som eit eige program. På haustseminaret i Trondheim stilte Knut O. Dale spørsmål ved om norskfagsfråsegna frå 2011 var gjeldande politikk. Her er det slik at eit landsmøtevedtak står til eit nytt blir fatta. Det vil seie at setninga han viser til, ikkje lenger er gjeldande politikk. Setninga «Vurderinga må vera gjennom eigen standpunkt-karakter eller obligatorisk eksamen, eller helst bae delar» har seinare blitt erstatta av denne ordlyden, vedteken på landsmøtet i 2016:

«Landsmøtet i Noregs Mållag krev at elevane som går ut or den vidaregåande skulen tredje året, vert prøvde i to obligatoriske prøvar i norsk. Den eine prøven skal vera i nynorsk og den andre prøven skal vera i bokmål.

Landsmøtet i Noregs Mållag krev difor at den vidaregåande skulen får tilbake den gamle ordninga med to jamstelte og likeverdige norskeksamenar - på to ulike dagar - det året elevane går ut or den vidaregåande skulen.»

Det var ikkje slik at det var ordlyden i fråsegna frå 2011-landsmøtet som gjorde at Utdanningsdirektoratet året etter kom med eit framlegg om å fjerne obligatorisk eksamen i sidemål. I røynda engasjerte Noregs Mållag seg svært sterkt for å kjempe mot dette framlegget. Sjølvstendige



Uheldig: «Styret ser på det som uheldig at vi skal ha to programdokument som tar for seg norskfaget», skreiv Magne Aasbrenn.

Foto: Kjartan Helleve

ei sterkast mogleg sidemålsordning viktig for Noregs Mållag.

Styret seier seg nok ein gong lei for at det første skrivet som gjekk ut til dei politiske partia etter landsmøtet i 2016 ikkje var tydeleg nok på denne politikken. Seinare blei dette retta i vidare kommunikasjon med dei politiske partia, og som konkret resultat har det nok bidratt til at fire parti (SV, Sp, V og MDG) eksplisitt gjekk inn for obligatorisk sidemåls-karakter i programma sine.

Odda Mållag framstiller saka feil når dei skriv at «Landsmøta i 2013, 2014 og 2016 oppheva indirekte med ulike vedtak dette punktet, men sidan norskfagprogrammet frå 2011 framleis gjeld, kunne leiinga i Noregs Mållag senda eit brev til dei politiske partia der dei gav grønt ljøs for å ta bort den skriftlege sidemålsseksamen». Leiinga har også tidlegare understreka overfor Odda Mållag at 2011-formuleringa om sidemålsord-

ninga ikkje lenger er politikken til Noregs Mållag: Landsmøtet har gitt organisasjonen ein ny og sterkare politikk på feltet, og godt er det.

På landsmøtet i 2018 skal Noregs Mållag vedta eit nytt arbeidsprogram. Dette blir eit omfattande dokument som blir sendt ut på høyring i heile organisasjonen om få veker. Styret ser på det som uheldig at vi skal ha to programdokument som tar for seg norskfaget, og meiner at den beste løysinga er at norskfaget får ei grundig handsaming i det nye arbeidsprogrammet, der målsettinga for eksamens- og standpunkt-karakter-politikken til Noregs Mållag kjem tydeleg fram. Norskfagsprogrammet blir slik sett ein integrert del av arbeidsprogrammet 2018–2022. Det viktige for Noregs Mållag er å kjempe for ei sterkare sidemåls-ordning.

MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag



FREDRIK HOPE
Leiar i Norsk Målungdom

Når me fyrst skal vera offensive

PÅ LANDSMØTET I Vinje skal Noregs Mållag vedta nytt arbeidsprogram, og programmet ska visst nok berre ha offensive krav. So kva politiske prosjekt vil me engasjere dei snart 13 000 medlemene våre i dei neste fire åra?

Offensive folkerøystingar om språk

Det er lenge sidan nokon sette i gang ei røysting for å få ein bokmålskule til å gå over til Det Beste Språket. Det finst bokmålskular me kan vinna, om me organiserer oss godt og langsiktig bygger fleirtal for nynorsken. Vågar Noregs Mållag å setja i verk eit meir strukturert arbeid med offensive røystingar, kan me gjera saka vår aktuell for fleire, få nye medlemmer og aktivisera dei me alle-reie har. Kva om sentrallekken vel ut to-tre skular der me har ein grei sjanse til å vinna dei neste fire åra? Det verste som kan skje, er at me tapar ein skule som allereie nyttar bokmål. Me sit att med ein sterkare organisasjon, meir kunnskap og er betre rusta til nye kampar.

Dialektprosjekt – Hått Halling 2.0

På Austlandet skjer det ein massiv språkdaude. I område som flatbygdene, Østerdalen og Hallingdal vert dialektene gradvis bokmålfiserte og bytte ut. Målfolk snakkar ofte mykje om dialekt, men gjer ofte lite. I Hallingdal handlar dei. Prosjektet Hått Halling er ein mal for korleis mållaga kan jobba med dialektberging. Dei har kursa barnehagetilsette i dialekt, sendt dialektbrukande musikarar på skuleturnear og har dialektleirar for ungdom. Det har bore frukter: Fleire ungdomar har teke det store steget at dei har skifta talemål frå Oslo-dialekt til halling. Korleis kan dette konseptet vidareførast der og til nye område?

Digital strategi og omsetjingsdugnad

Mållaget skal jobba mykje med digitale læremiddel i tida som kjem – og det er veldig bra. Men mållaget og målungdomen kan samarbeida for å få meir nynorsk på eit anna felt: omsetjing av sosiale medium, språklæringsappar og dataprogram. Mykje kan skje om Noregs Mållag brukar kjøttvekta si til å leggja press på produsentane for å få dei til å laga nynorskutgåver. Andre program kan me få omsett om me set medlemene våre i sving til å omsetja. Til dømes jobbar aktivistar for å få språklæringsappen Duolingo til å tilby nynorsk. Duolingo har over 100 millionar brukarar verda over, men har ikkje opna for ei nynorsk omsetjing – enno.

Vil me ha meir eller mindre nynorsk? Vil me berga dialektene, eller sjå på at dei dør? Skal me nytta dei digitale mogleheitene som finst, eller satsa på at nokon gjer jobben for oss? Det nye arbeidsprogrammet til Noregs Mållag er eit unikt høve til å finna og vinna nytt land. Då må me prioritera prosjekt og tiltak som mobiliserer folket, og ikkje berre dei som skal lobbast fram på Stortinget.



Prisa: Ronny Brede Aase, Silje Nordnes og Markus Neby. Her saman med (t.h.) Fredrik Hope, leiar i NMU.

Foto: Anna Sofie Ekeland Valvatne

Dialektprisen 2017 til programleiarar

NORSK MÅLUNGDOM HAR kåra programleiarane Ronny Brede Aase, Silje Nordnes og Markus Neby på programmet P3Morgen til vinnarar av Dialektprisen for 2017.

– Ronny Brede Aase, Silje Nordnes og Markus Neby kjem frå kvar sin del av landet, og syner kvar morgon fram det norske dialektmangfaldet. Som programleiarar på eit av dei mest populære radioprogramma i Noreg, gjer dei dialektmangfaldet til ein del av kvardagen til fleire hundretusen unge lyttarar, seier Fredrik Hope, leiar i Norsk Målungdom.

– P3morgen er ein viktig del av morgonen for mange lyttarar. Både Silje, Markus og Ronny står fram som trygge dialektbrukarar, og bidreg med det til å gjere

dialektskilnader kvardagsleg og sjølvstøtt, seier Hope.

– Berre med å snakke saman, le saman og gjere jobben sin saman syner vinnarane fram at dialektmangfald fungerer, at dei ulike dialektene er like mykje verde og gjer det lettare for andre å bruke si dialekt. Litt lettare for kvar morgon, understreka Hope i tala si.

PRISVINNARANE Ronny Brede Aase (f. 1986) kjem frå Førde, Silje Therese Reiten Nordnes (f. 1984) kjem frå Hamarøy og Markus Ekrem Neby (f. 1991) kjem frå Oslo. Dei tre programleiarane har saman styrt programmet P3Morgen sidan 2014, og programmet har vunne fleire prisar for godt språk og god formidling. Attåt lyttarane på radio, har P3Morgen store fyl-

gjarskarar på sosiale medium. Der nyttar dei òg dialekter munnleg, og både nynorsk og bokmål skriftleg. Programmet P3Morgen starta opp i 2003.

